

Masteroppgåve

NTNU  
Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet  
Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse  
Institutt for sosiologi og statsvitenskap

Linn Marcela Fossnes

## Den norske modellen for petroleumsforvaltning og fattigdomsreduksjon

Ein komparativ casestudie av ti land

Masteroppgåve i statsvitenskap

Veileder: Jonathon Moses

Trondheim, juni 2016

## **Abstract**

Petroleum resources can be a source to increased government revenue, which can be used to counteract poverty. The Norwegian petroleum management model is one of the many reasons why Norway has succeeded in converting their petroleum resources into long term development of the Norwegian society. This model of petroleum administration involves the creation of three institutions that separate the political, regulatory and commercial function. My thesis examines whether the Norwegian petroleum management model has an impact on poverty reduction or not. Employing a comparative case study of ten countries, I explore whether countries that have established the Norwegian model perform better in terms of poverty reduction than countries without this model. The results find no clear evidence in support of this. I will conclude that the institutional context of a country will be decisive for whether or not the Norwegian model of petroleum management can be associated with improved poverty reduction.



## **Forord**

Arbeidet med denne masteroppgåva har både vore utfordrande og lærerikt. Følgjande personar fortentar ein takk for å ha bidrege til å løyse dei utfordringane eg har stått ovanfor.

Først og fremst vil eg takke min rettleiar Jonathon Moses. Tusen takk for gode råd og konstruktive tilbakemeldingar, og for at du har vore svært hjelpsam gjennom heile denne prosessen. Du har alltid vore tilgjengeleg, og eg har kjent meg trygg på å kunne ta kontakt når det måtte vere. Din oppmuntring og ditt engasjement har motivert meg til å gå i møte med det som har vore utfordrande og vanskeleg.

Eg vil og rette ei stor takk til foreldra mine heime i Sogndal. De har vist meg særst god støtte og omsorg i den tida eg har vore student. Eg set stor pris på at det har vore merksame på mine behov i ei travel tid.

Takk til mine studieveener for gode diskusjonar og oppmuntrande lunsjar.

Takk til Kristin, mi nære venninne, for gode samtalar.

Til slutt vil eg takke Magnar, min aller viktigaste støttespellar i kvardagen. Du har fått meg til å løfte blikket når stundene har vore vanskelige.

Trondheim, juni 2016

Linn Marcela Fossnes



## **Innholdsliste**

<b>Abstract</b> .....	<b>i</b>
<b>Forord</b> .....	<b>iii</b>
<b>Tabell- og figurliste</b> .....	<b>v</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>2.0 Teori</b> .....	<b>5</b>
2.1 Fattigdomsreduksjon .....	5
2.1.1 Kva påverkar fattigdomsreduksjon?.....	6
2.1.2 Institusjonar og fattigdomsreduksjon .....	7
2.2 Statleg administrering av petroleumssektoren.....	10
2.2.1 Den norske modellen.....	12
2.2.2 Den norske modellen og fattigdomsreduksjon .....	16
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>19</b>
3.1 Komparativ casestudie .....	19
3.2 Operasjonalisering.....	21
<b>4.0 Empirisk kartlegging</b> .....	<b>29</b>
4.1 Avhengig variabel .....	29
4.2 Uavhengig variabel.....	31
<b>5.0 Analyse</b> .....	<b>35</b>
5.1 Resultat.....	35
5.2 Diskusjon.....	38
<b>6.0 Konklusjon</b> .....	<b>47</b>
<b>Kjeldeliste</b> .....	<b>49</b>
<b>Appendiks A</b> .....	<b>56</b>
<b>Appendiks B</b> .....	<b>61</b>

## **Tabell- og figurliste**

Tabell 1: Kategorisering av helse.....	29
Tabell 2: Samandrag av avhengig og uavhengig variabel i dei ti landa i utvalet.....	36
Tabell 3: Samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon .....	37
Figur 1: Den norske modellen.....	14
Figur 2: Offentlege helseutgifter per capita for landa i utvalet .....	25
Figur 3: Dødelegheitsrata blant barn under fem år for landa i utvalet .....	25



## 1.0 Innleiing

Det Internasjonale energibyrådet (IEA) viser til at “more than 90 percent of new hydrocarbon supplies will come mainly from the developing world in the next twenty years” (Baker III Institute 2007:1-2). Sidan olje og gassressursar er ei verdifull inntektskjelde, kan ein håpe at dette vil bidra til å redusere fattigdom i utviklingsland. Utvinning av slike ressursar kan auke statsinntektene, og gjere det enklare for statar å kunne tilby offentlege godar som til dømes helsetenester og utdanning (Moses & Letnes forthcoming a:2). Likevel viser det seg at petroleumsrike land presterer dårlegare når det kjem til økonomisk utvikling enn land som ikkje har slike ressursar (Humphreys, Sachs & Stiglitz 2007:1). Innanfor litteraturen blir dette omtala som “The Curse of Natural Resources” (Auty 1993; Sachs & Warner 1995; Ross 1999; Humphreys m.fl.2007; Collier & Goderis 2012).

Ressursforbanninga viser til at petroleumsrike land blir råka av svak økonomisk vekst, The Dutch Disease og ustabile statsinntekter på grunn av skiftande råvareprisar (Sachs & Warner 1995; Ross 1999; Collier & Goderis 2012). The Dutch Disease handlar om at aukande inntekter frå petroleumsindustrien skapar ei appresiering av realvalutakursen, noko som gjer at det innanlandske inflasjonsnivået stig. Dette fører til at kostnadane aukar for andre eksportverksemdar som ikkje tilhøyrar oljesektoren, og konkurranseeva til desse verksemdene vil svekkjast (Humphreys m.fl.2007:5). På lang sikt vil dette vere negativt for økonomisk vekst (Sachs 2007:181). Det ser ut til at petroleumsrike land også lettare kan utvikle autoritære trekk (Ross 2001; Auty 2000; Collier 2007; Tsui 2011). Regimer som har tilgang til ressursrenter vil ikkje vere avhengige av skattlegging for å sikre statsinntekter. Dette kan føre til at myndigheiter ikkje prioriterer befolkninga sine behov, og ressursinntektene blir i staden brukt til uproduktive investeringar, offentleg overforbruk eller at offentlege tilsette nyttar inntektene til eigen fordel (Collier 2007:47; Humphreys m.fl.2007:10). Fråvær av effektive kontrollmekanismar kan også leggje til rette for rent-seeking, korrupsjon, svekkja eigendomsrettar og låg byråkratisk effektivitet (Leite & Weidmann 2002; Mehlum, Moene & Torvik 2006). Oljerike land kan også vere meir utsatt for valdeleg konflikt (Collier & Hoeffler 2004; Fearon 2005; de Soysa & Neumayer 2007; Ross 2012).

Norge er eit land med store førekomstar av petroleumsressursar som har klart å unngå å bli råka av ei ressursforbanning, og forvaltning av petroleumsressursane har ført til auka velstandsutvikling (Torvik 2009; Al-Kasim 2006). Ei viktig forklaring på denne suksessen er knytt til korleis Norge har administrert petroleumssektoren. Den norske modellen for petroleumsforvaltning inneber ei etablering av tre separate institusjonar som har ein politisk,



regulerande og kommersiell funksjon (Al-Kasim 2006). I Norge har Olje- og energidepartementet den politiske funksjonen, Oljedirektoratet har ein regulerande funksjon, og den kommersielle funksjonen er plassert hos det nasjonale oljeselskapet Statoil (Thurber, Hults & Heller 2011). Collins (2003), Al-Kasim (2006) og Nore (2009) argumenterer for at den norske modellen for petroleumsforvaltning vil sikre at petroleumssektoren vil prestere betre. Fleire andre oljerike land har derfor latt seg inspirere av den norske modellen, og ei tredeling av funksjonar blir sett på som naudsynt for ei vellykka forvaltning av petroleumsressursar (Thurber m.fl.2011). Norge har sjølv oppretta The Oil for Development Programme som skal gi hjelp til utviklingsland når det kjem til forvaltning av petroleumsressursar basert på norske erfaringar, og dette bistandsprogrammet legg blant anna vekt på etablering av institusjonar innanfor petroleumssektoren (Norad 2015:4).

Tidlegare forskning viser til få studiar som har undersøkt kva rolle separate institusjonar spelar når det kjem til forvaltning av petroleumsressursar. Nokre studiar har fokusert på rolla til nasjonale oljeselskap. Ike og Lee (2014) finn i deira studie at nasjonale oljeselskap ikkje er like effektive som internasjonale oljeselskap. Boschecks (2007) studie kjem fram til at nasjonale oljeselskap kan utvikle seg til mektige aktørar, noko som fører til at statar må ta stilling til korleis dei skal regulere eit slikt selskap. Basert på ein casestudie av Norge, Saudi Arabia og Nigeria viser studien til ulike moglegheiter for regulering av nasjonale oljeselskap (Boscheck 2007). Victor, Hults og Thurber (2012) har undersøkt femten nasjonale oljeselskap for å finne ut kva som er avgjerande for selskapa sine resultat. Dei finn blant anna at staten sine mål for petroleumsindustrien og dei krava som blir stilt til det nasjonale oljeselskapet er viktig i denne samanhengen (Victor m.fl.2012: 889-890). Litteraturen viser til svært få empiriske studiar som tar føre seg den norske modellen. Studien til Turber m.fl.(2011) er eit unntak. Dei testar om den norske modellen for petroleumsforvaltning fører til betre resultat i oljesektoren i eit utval på ti land. Studien konkluderer med at ei tredeling av funksjonar ikkje er ein føresetnad for ein suksessfull oljesektor, og at den politiske og institusjonelle konteksten er avgjerande for om den norske modellen kan fungere i andre land (Turber m.fl.2011).

Som nemnd ovanfor er det fleire utviklingsland som har tilgang på oljeressursar, og desse landa må ta stilling til korleis dei skal velje å administrere petroleumssektoren. Fleire land tar lærdom av den norske erfaringa og den norske modellen for petroleumsforvaltning når det kjem til dette. Tidlegare forskning har undersøkt om den norske modellen fører til om oljesektoren presterer betre, men ingen har undersøkt om denne modellen kan sjåast i samheng med fattigdomsreduksjon. Utvinning av oljeressursar kan auke staten sine inntekter, noko som kan gjere det enklare for utviklingsland å motverke fattigdom. Men for at oljeressursar skal

kome fattige menneske til gode, er utviklingsland avhengig av å forvalte desse ressursane på ein fornuftig og sikker måte. Sidan ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen blir framheva som ein optimal forvaltningsmodell, vil det vere nødvendig å finne eit svar på om norske modellen også har ein positiv innverknad på fattigdomsreduksjon. Ein kan risikere at utviklingsland tar i bruk ei tredeling av funksjonar, utan at det finns naudsynt kunnskap om dette. Utviklingslitteratur viser til at institusjonar og administrative system kan vere avgjerande for om land klarar å redusere fattigdom (Grindle 2004, 2007; Rothstein & Teorell 2008; Edigehji 2007; Acemolglu & Robinson 2013). Denne studien vil derfor undersøkje om dette også er tilfelle når det kjem til statlig administrering av petroleumssektoren, og mi problemstilling vil derfor vere: *Kva slags innverknad har den norske modellen for petroleumsforvaltning på fattigdomsreduksjon?*

For å gi eit svar på oppgåva si problemstilling vil eg nytte meg av ein casestudie av ti land. Desse landa er Algerie, Angola, Brasil, Malaysia, Mexico, Nigeria, Norge, Russland, Saudi Arabia og Venezuela. Fem av dei ti landa i utvalet har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen. Caseutveljinga er gjort i samsvar med studien til Thurber m.fl.(2011), men denne studien vil undersøkje om den norske modellen får ein innverknad på fattigdomsreduksjon i staden for resultata i oljesektoren. I kapittel 2 vil oppgåva sitt teoretiske rammeverk starte med å vise at institusjonar kan vere avgjerande for lands økonomiske resultat (North 1991; Olson 1996; Acemoglu & Robinson 2013). Vidare vil det bli argumentert for at institusjonar definert som staten sin interne organisatoriske struktur kan få ein innverknad på fattigdomsreduksjon (Evans 1995; Edigehji 2007, 2010). Deretter vil det forklarast korleis dette kan sjåast i samanheng med petroleumssektoren, og vise til at den norske modellen vil auke staten sine inntekter, som igjen kan nyttast til å redusere fattigdom (Al-Kasim 2006:176; Thurber m.fl.2011:5368). Dette legg grunnlaget for oppgåva si hypotese som vil vere at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen definert, som eit klart skilje mellom den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen, vil oppleve betre fattigdomsreduksjon. Ein vil derfor forvente at resultata i den empiriske analysen vil finne at land som har den norske modellen, vil oppleve betre fattigdomsreduksjon enn land som ikkje har denne modellen.

Vidare vil kapittel 3 ta føre seg dei metodiske vala som har blitt tatt for å teste oppgåvas hypotese, og det vil bli forklart kvifor komparativ casestudie vil bli nytta som metode. Deretter vil det bli forklart korleis eg har operasjonalisert oppgåvas uavhengige og avhengige variabel. For å operasjonalisere den uavhengige variabelen som tar føre seg korleis dei ti landa i utvalet har administrert petroleumssektoren vil eg følgje operasjonaliseringa til Thurber m.fl.(2011).

Når det kjem til oppgåvas avhengige variabel, vil forbetring av helse bli nytta som ein indikator for å operasjonalisere fattigdomsreduksjon. Dei to variablane offentlige helseutgifter per capita og dødelegheitsrata blant barn under fem år vil bli nytta til dette formålet. Fleire millionar barn dør kvart år på grunn av fattigdom (UNICEF 2000:1). Satsing på helse vil derfor ein viktig strategi for å kunne redusere fattigdom (UNDP 1997:28; Anand & Sen 1997:6; Sen 1998:5). Ein positiv samanheng mellom den norske modellen for petroleumsforvaltning og betre helse kan brukast til å argumentere for at andre land også bør innføre ei tredeling av funksjonar. Dette gjeld spesielt for petroleumsrike utviklingsland, der denne modellen då kan bidra til å betre helsesituasjonen blant befolkninga. I kapittel 4 vil eg vise korleis dei ti landa i utvalet presterer ut i frå dei to helsevariablane, og det vil bli forklart korleis landa har administrert deira petroleumssektor.

Kapittel 5 vil ta føre seg ei analyse for å finne ut kva innverknad den norske modellen for petroleumsforvaltning har på fattigdomsreduksjon. Resultata i analysen finn ingen klare indikasjonar på at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen opplever betre fattigdomsreduksjon. Når det kjem til dei fem landa som har den norske modellen, ser det ut til at det er samanheng mellom denne modellen og betre fattigdomsreduksjon i Norge og Brasil. Men denne samanhengen finn ein ikkje i Algerie og Nigeria. Nigeria er eit av dei landa i utvalet som presterer aller dårlegast når ein ser på reduksjon av fattigdom. Svaret på oppgåva si problemstilling vil derfor vere at den norske modellen ikkje ser ut til å ha ein klar innverknad på fattigdomsreduksjon. Ut i frå dei tre kontrollvariablane demokrati, korrupsjon og konflikt, viser analysen også at den generelle institusjonelle konteksten vil vere avgjerande for om den norske modellen vil hindre tap av verdifulle ressursinntekter. Studien vil derfor konkludere med i kapittel 6 at den generelle institusjonelle konteksten i landet spelar ein rolle for om den norske modellen kan sjåast i samanheng med betre reduksjon av fattigdom.

## 2.0 Teori

Dette kapittelet vil starte med eit teoretisk rammeverk som først vil ta føre seg kva som meinast med fattigdomsreduksjon, vise til kva faktorar som påverkar dette, og deretter syne til tidlegare litteratur som forklarar korleis statlege institusjonar kan få ein innverknad på fattigdomsreduksjon. Eg vil deretter vise til korleis dette kan sjåast i samanheng med den statlege administreringa av petroleumssektoren, og forklare korleis den norske modellen for petroleumsforvaltning fungerer. Ut i frå dette vil oppgåva si hypotese bli presentert. Den teoretiske gjennomgangen gjer at ein vil forvente å finne at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen vil oppleve betre fattigdomsreduksjon.

### 2.1 Fattigdomsreduksjon

Fattigdom er eit vidt omgrep som kan vere vanskeleg å definere. Frå eit økonomisk perspektiv blir fattigdom definert ut i frå inntektsnivå (Goedhart, Halberstadt, Kapteyn & van Praag 1977:504). Ei fattigdomsgrense viser til det lågaste inntektsnivået som blir sett på som nausynt for å kunne overleve. Menneske som lever under denne fattigdomsgrensa blir dermed definert som fattige (Tilak 2002:191). I følge Banik (2006a:11) er fattigdom derimot eit fleirdimensjonalt konsept som omfattar meir enn berre låg inntekt. Fattigdom handlar også om mangel på godar som skal dekkje naudsynte menneskelege behov (UNDP 1997:16). Human Development Report (1997:16) viser derfor til at fattigdom tar frå menneske moglegheiter som skal sikre god livskvalitet, og at fattigdom også kan definerast ut i frå dårleg helse, mangel på utdanning, frávær av sivile og politiske rettigheter og svekkja verdigheit. Amartya Sen "human capability approach" forklarar vidare kvifor fattigdom ikkje berre omfattar låg inntekt. Sen (1999:20) definerer fattigdom som frávær av grunnleggjande evner som gir menneske moglegheit til å leve eit verdifulle liv. Frávær av slike grunnleggjande evner kan føre til for tideleg død, underernæring, sjukdom og analfabetisme (Sen 1999:20). Mangel på inntekt er ei viktig årsak til fattigdom, men analfabetisme og dårleg helse kan også svekke menneske sine evner (Sen 1999: 90). Helse og utdanning vil ikkje berre kunne bidra til betre livskvalitet, men vil også kunne gi mennesket moglegheit til å auke si eiga innteningsevne. Dette kan bidra til å redusere fattigdom (Sen 1999:90).

Fattigdomsreduksjon handlar derfor om å gi menneske dei grunnleggjande evnene som ein treng for å kunne leve eit verdig liv (UNICEF 2000:39). Denne tilnærminga inneber ei erkjenning om at fattigdom består av fleire dimensjonar. Ein viktig strategi for å redusere fattigdom er å gi einskildpersonar, hushald og lokalsamfunn moglegheit til å få betre kontroll

over sine egne liv og ressursar (UNDP 1997:110). Fattigdomsreduksjon kan bestå av både direkte og indirekte tiltak. Dei direkte tiltaka kan til dømes innebere matforsyningar, sysselsetting og auke inntekt blant fattige (Tilak 2002:191). Indirekte tiltak handlar om å leggje til rette for betre utdanning og helsetilbod, noko som vil auke moglegheita for at menneske kjem seg ut av fattigdom. Dei indirekte tiltaka representerer eit meir langsiktig perspektiv. I følgje Tilak (2002:191) vil slike tiltak føre til ein meir effektiv og berekraftig reduksjon av fattigdom. Oppgåva vil no vidare å ta føre seg tidlegare litteratur som forklarar kva som påverkar fattigdomsreduksjon.

### **2.1.1 Kva påverkar fattigdomsreduksjon?**

Økonomisk vekst blir framheva som ein viktig føresetnad for å kunne redusere fattigdom (Bannister & Thugge 2001: 4). I følgje moderniseringsteori vil økonomisk vekst, industrialisering og modernisering bidra til at samfunn utviklar seg (Bull 2006:30). På lang sikt vil økonomisk vekst føre til auka levestandard, noko som vil ha ein positiv innverknad på fattigdomsreduksjon (Srinivasan 2008:219). Nyklassisk og endogen vekstteori peikar på at land sine interne faktorar som investeringar, teknologi, arbeidskraft, fysisk og menneskeleg kapital er avgjerande for vekst i BNP per capita (Solow 1956; Romer 1994; Barrow 1991; Evans 2010:41; López-Casasnovas, Gullem & Currais 2005:2). Sachs (2005:245) argumentrer for at mangel på kapital er ein viktig årsak til fattigdom. Kapital er avgjerande for at land kan investere i til dømes helse, utdanning, industri, og infrastruktur (Sachs 2005:244-245). Auka kapital-beholdning vil leggje til rette for betre økonomisk vekst, som igjen vil auke inntekta til husholdningar. Dette kan derfor medverke til reduksjon av fattigdom, og utanlandske investeringar og bistand er verkemiddel som kan bidra til å hindre mangel på kapital (Sachs:2005:246; Heo & DeRouen Jr. 2002:69). Ravallion (2001:1803) peikar derimot i sin studie på at ulik inntektsfordeling gjer at økonomisk vekst ikkje alltid vil kome til nytte for dei fattige. Store skilnader vil dermed kunne svekke den positive innverknaden som økonomisk vekst har på fattigdomsreduksjon (Ravallion 2001, 2005).

Handel kan også ha ein innverknad på reduksjon av fattigdom. Gjennom å delta i internasjonal handel kan land få betre tilgang på materialar, varer, tenester og investeringar (Hopper 2012:140). Studiar viser til at handel kan gi lågare importprisar for fattige forbrukarar og produsentar, samtidig som at fattige produsentar vil få nytte av auka pris på eksport (Bannister & Thugge 2001:7). Auka eksport av egne varer vil også kunne auke staten sine inntekter som igjen kan nyttast til å redusere fattigdom. Handel kan også endre den relative prisen på produksjonsfaktorar som arbeidskraft og kapital som brukast i produksjon av

omsettelege varer. Dette kan få ein positiv innverknad på sysselsetting og lønningar blant fattige (Bannister & Thugge 2001:7; Bhagwati & Srinivasan 2002:180). Avhengigheitsteori er basert på tanken om at det kapitalistiske økonomiske systemet berre skapar velferd for samfunn som oppheld seg i sentrum av dette systemet (vestlige land), medan perifere samfunn (tidelegare koloniserte land) blir råka av fattigdom (Frank 2014:292; Bull 2006:34). Dette perspektivet viser til at det berre er industriland som vil tene på å delta i internasjonal handel (Hopper 2012:35). Birdsall, Rodrick og Subramanian (2005:140) argumenterer for at internasjonal handel som omhandlar jordbruksprodukt berre kjem til nytte for forbrukarar i rike land, og ikkje for dei fattige. På denne måten kan internasjonal handel hindre fattigdomsreduksjon.

Globalisering har ført til auka økonomisk integrasjon på tvers av landegrensar gjennom fri kapitalflyt, handelsliberalisering og marknadsliberalisering (Wade 2004:567; Woods 2011:256). Nyliberalistisk teori viser til at ein open marknadsøkonomi, privateigarskap, deregulering og fri handel vil bidra til å redusere fattigdom gjennom auka sysselsetting (Willis 2005:47; Hopper 2012:41). Denne tilnærminga legg vekt på at marknaden vil føre til effektiv allokering av ressursar, medan statlig involvering i økonomisk aktivitet skapar ineffektivitet (Willis 2005:47). Srinivasan (2008:22-28) hevdar at globalisering i form av handelsliberalisering vil fremje økonomisk vekst som vil bidra til fattigdomsreduksjon. Dollar og Kraays (2004:47) empiriske studie støttar dette argumentet. Wade (2004:581-582) argumenterer derimot for at ein ikkje kan fastslå at globalisering har ein positiv innverknad på fattigdom, og viser til at inntektsskilnaden i verda berre vil halde fram med å auke. I følgje Bush (2007: 2-3) har ikkje globalisering i form av marknadsliberalisering ført til betre fattigdomsreduksjon i Midtausten og Nord-Afrika.

Finanskrisa som råka Aust-Asia i 1997/98 gjorde at ein vart meir kritiske til om nyliberalistiske verkemiddel som liberalisering, privatisering og deregulering ville bidra til å motverke fattigdom (Bull 2006:42). Det blei derfor meir fokusert på korleis staten kan påverke fattigdomsreduksjon. Tidelegare litteratur har framheva “good governance” som viktig i denne samanhengen (Craig & Porter 2006:7; Grindle 2004, 2007; Rothstein & Teorell 2008). “Good governance” handlar om korleis institusjonar, administrative system, byråkrati, politisk organisering, og offentlege vedtaksprosessar kan få ein innverknad på reduksjon av fattigdom (Grindle 2004:525-526). Denne samanhengen vil no bli forklart nærare.

### **2.1.2 Institusjonar og fattigdomsreduksjon**

North (1991:97) definerer institusjonar som “humanly devised constraints that structure political, economic and social interactions.” Institusjonar kan vere uformelle reglar som

sanksjonar, tradisjonar og etiske retningslinjer, eller formelle reglar som grunnlover, juridiske lover og eigendomsrett (North:1991:97). North (1991:98) hevdar at politiske og økonomiske institusjonar vil påverke eit land økonomiske resultat. Mancur Olson (1996:20) støttar dette argumentet, og viser til at skilnad i kvalitet på institusjonar fører til forskjellar mellom land når det kjem til BNP per capita. Bete kvalitet på statlege institusjonar vil derfor vere avgjerande for å kunne redusere fattigdom (Olson 1996:22). Acemoglu og Robinson (2013:429) skil mellom inkluderande (inclusive) og uttrekkande (extractive) institusjonar. Inkluderande økonomiske institusjonar handhevar eigendomsretten, skapar eit rettferdig økonomisk system, og oppmodar til å investere i ny teknologi og kunnskap. I tillegg vil inkluderande politiske institusjonar leggje til rette for at den politiske makta representerer mangfaldet, at det blir etablert lover og reglar som legg grunnlaget for eigendomsretten, og sørgje for ein inkluderande marknadsøkonomi (Acemoglu & Robinson 2013:430). Uttrekkande økonomiske institusjonar vil i motsetjing føre til at berre nokre få vinn ut ressursar, at eigendomsretten ikkje blir handheva, og det vil ikkje bli oppmoda til økonomisk aktivitet. Samtidig vil uttrekkande politiske institusjonar konsentrere den politiske makta hos nokre få personar, og den politiske eliten vil prøve å utnytte dei økonomiske institusjonane til eigen fordel for å behalde makta (Acemoglu & Robinson 2013:430). Land bør derfor ha institusjonar som beskyttar eigendomsretten, handhevar kontraktar, oppmodar til entreprenørskap, sikrar makroøkonomisk stabilitet og viser ansvarlegheit (Rodrik 2008:100). I følgje Acemoglu og Robinson (2013:43) kan uttrekkande institusjonar føre til at land blir verande fattige. Dette viser til at samhandlinga mellom økonomiske og politiske institusjonar kan påverke reduksjon av fattigdom.

Både North (1991), Olson (1996) og Acemoglu & Robinson (2013) trekk fram eigendomsretten som viktig for økonomisk framgang. Knack og Keefer (2003:73) finn i sin empiriske studie at institusjonar som beskyttar eigendomsretten er avgjerande for økonomisk vekst og investeringar, medan Norton (1998:244) sin analyse viser til ein positiv samanheng mellom velutvikla eigendomsrettar og fattigdomsreduksjon. Studien finn blant anna at land med svake eigendomsrettar har ein høgare andel av befolkninga som har ein forventa levealder på førti år, fleire vaksne som har analfabetisme, og ein høgare andel av barn under fem år som er underernærte (Norton 1998:243).

Som nemnd ovanfor kan institusjonar altså forklarast som reglar som eksisterer i eit samfunn (North 1991:97). I følgje Peters (2005) kan institusjonar også definerast som:

A structural feature of the society/ or polity. That structure may be formal (a legislature, an agency in public bureaucracy or a legal framework), or it may be informal (a network of interacting organization, or a set of shared norms (Peters 2005:18).

Dette inneber altså ei forståing om at institusjonar handlar om dei strukturelle funksjonane som finnst i samfunnet. I følgje Edigheji (2007:9) vil staten sine interne organisatoriske struktur medverke til om samfunnet sine reglar faktisk blir følgt. Denne oppgåva vil derfor velje å omtale institusjonar som statens interne organisatoriske strukturar. Statar er ikkje identiske og har derfor ulike interne strukturar som påverkar dei einskilde statane sin kapasitet til å formulere og gjennomføre politikk (Evans 1995:11; Edigheji 2010:5). Evans (1995:6) argumenterer derfor for at dei interne organisatoriske strukturane kan påverke korleis staten involverer seg i økonomisk transformasjon, som igjen handlar om å leggje til rette for auka rette for auka verdiskapning. Staten sin transformativ kapasitet viser til politiske myndigheiter si evne til å gjennomføre nasjonal politikk og samarbeide med andre organiserte grupper for å transformere den industrielle økonomien (Weiss 1998:5).

Teorien om utviklingstatar kan bidra til å forklare korleis institusjonar kan få ein innverknad på fattigdomsreduksjon. Utviklingsstatar kjenneteiknast ved at dei har kapasitet til å gripe inn i den nasjonale utviklingsprosessen. Dei institusjonane som om finnst i utviklingsstatar påverkar samfunnsøkonomiske resultat gjennom si evne til å nå viktige utviklingsmål (Edigheji 2010:5). Denne type statar har ein intern organisatorisk struktur som består av eit kompetent og sjølvstendig byråkrati som sørgjer for at staten har ein form for autonomi (Evans 1995:12). Byråkratiet har også oppretta eit samband til andre ikkje-statlege aktørar, noko som gir byråkratiet moglegheit til å kunne forhandle og få råd frå andre interessegrupper i samfunnet. Dette inneber at byråkratiet ikkje er isolert frå resten av samfunnet. Slike forbindelsar til andre ikkje-statlege aktørar vil gi betre tilgang til industriell kapital, og gjere det enklare for staten å involvere seg i den økonomiske transformasjonen (Evans 1995:12). Sjølv om staten baserer seg på informasjon frå andre sosiale aktørar, må staten også vere autonom ovanfor desse interessene slik at dei ikkje får for stor makt. Eit av kjenneteikna til utviklingsstatar er at dei har denne eigenskapen, og dette blir omtala som “Embedded Autonomy” (Evans 1995: 12). Edigheji (2010:5) argumenterer for at institusjonane i utviklingsstatar også har ein annan viktig eigenskap. Institusjonar som finnst i utviklingstatar bidrar ikkje berre til økonomisk transformasjon, men desse institusjonane har også ein distribuerande kapasitet som sikrar tilbod av kollektive godar (Edigheji 2010:5-6). Dei interne organisatoriske strukturane legg til rette for at staten sørgjer for befolkninga sine grunnleggjande rettigheter, dei jobbar aktivt for lik inntektsfordeling, og dei ser at innbyggjarar bør få tilbod om sosiale ordningar knytt til helse og utdanning, - noko som kan bidra til å redusere fattigdom (Edigheji 2010:9). Dette viser at institusjonar definert som staten sin interne



organisatoriske struktur kan få ein innverknad på økonomiske resultat. Nokre empiriske studiar har undersøkt denne samanhengen nærare.

Evans og Rauchs (1999) testar korleis byråkratiske strukturar påverkar økonomisk vekst i utviklingsland. Analysen viser at land med byråkrati etter Webers modell som inneber at det blir nytta meritokratisk rekruttering, og at det er moglegheit for givande og langsiktige karrierar oppnår betre økonomisk vekst (Evans & Rauch 1999:761). Ut i frå ein casestudie av Malaysia og Sør Korea finn Henderson (2005:234-235) at institusjonell kapasitet er avgjerande for staten sin strategisk økonomiske planlegging. Dette vil få ein innverknad på staten sin økonomiske struktur i form av økonomisk vekst som skal bidra til å redusere fattigdom og ulikeheit (Henderson 2005:235). Også Edigehjis (2007:10) studie framhevar at statar sine institusjonelle eigenskapar er ein medverkande faktor som påverkar sosioøkonomiske resultat. Studien viser at utviklingsland som har ein høg grad av autonome statlege institusjonar, og som samstundes også har etablert ein god forbindelse til ikkje-statlege aktørar oppnår betre resultat i form av høg økonomisk vekst kombinert med låg ulikeheit (Edigehji 2007:225).

I dette kapitlet om fattigdomsreduksjon (2.1) har eg vist at kapital, handel, "good governance" i form av statlege institusjonar har ein innverknad på fattigdomsreduksjon. Oppgåva vil no vidare forklare korleis dette kan sjåast i samheng med statleg administrering av petroleumssektoren.

## **2.2 Statleg administrering av petroleumssektoren**

Korleis ein skal administrere petroleumssektoren er ei viktig spørsmål som petroleumsrike statar står ovanfor. Tre viktige administrative oppgåver som denne type statar må handtere er knytta til den politiske styringa, regulering av industrien og den kommersielle aktiviteten som er naudsynt for å kunne utvinne denne type ressursar (Moses & Letnes forthcoming:1). Collins (2003), Al-Kasim (2006) og Nore (2009) argumenterer for at ei etablering av tre uavhengige institusjonar, som separerer den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen vil sikre statar betre resultat innanfor oljeindustrien. Denne tredelinga av funksjonar er det som kjenneteiknar den norske modellen for petroleumsforvaltning (Al-Kasim 2006; Thurber & Istad 2010; Thurber, Hults & Heller 2011). I følgje Al-Kasim (2006:241) har det norske styringssystemet klart å leggje til rette for effektivitet, og samstundes gjennomføre ein politikk som sikrar at forvaltninga av oljeressursane bidreg til ei langsiktig utvikling av det norske samfunnet. Dette er kan vere avgjerande for at petroleumsressursar skal kome heile befolkninga til gode (Al-Kasim 2006:246). Den norske modellen representerer også høg grad av integritet,

openheit og gjennomsiktighet når det kjem til korleis petroleumpolitikken har blitt praktisert. Alle dokument som den norske regjeringa legg fram for Stortinget blir offentleggjort, og dette gjer at andre kan få innsyn i dei politiske slutningane som omhandlar petroleumssektoren (Al-Kasim 2006:243-244). Sachs (2007:191) viser til at openheit er ein viktig faktor for å unngå korrupsjon og sikre vellykka forvaltning av petroleumsressursar.

Den norske modellen for petroleumsforvaltning kjenneteiknast også av ei etablert politisk semje når det kjem til dei grunnleggjande prinsippa for petroleumssektoren (Al-Kasim 2006:241). Samarbeid mellom fleire ulike institusjonar som regjering, storting, departement, byråkrati og korporative grupper har vore avgjerande for korleis Norge har handtert dei utfordringane som er knytta til auka ressursrikdom (Moses 2010:135). Norge har blant anna klart å hindre at den norske økonomien har blitt råka av the Dutch Disease. Dette har igjen ført til at norske myndigheiter har klart å unngå at konkurransevna til andre norske eksportverksemdar har blitt svekka (Moses 2010:27). For å få til dette vart det etablert politisk semje om at det skulle vere eit moderat tempo på utvinninga av petroleumsressursane (Al-Kasim 2006:39). Dette skulle sikre betre kontroll over den aukande pengestraumen frå petroleumssektoren. Statens pensjonsfond utland vart også oppretta for dette formålet (Al-Kasim 2006:190). Eit slikt oljefond gjer at svært lite av olje og gassinntektene blir ein del av den norske økonomien, og pengane blir i staden investert i eit fond som tar del i det internasjonale aksjemarknader (Moses 2010:139). Likevel er det handlingsregelen som skal ha mykje av æra for at Norge har klart å unngå the Dutch Disease (Moses & Letnes forthcoming b:23). Denne regelen avgrensar bruken av oljepengar, og har fått brei politisk støtte i Stortinget (Moses 2010:137). Handlingsregelen inneber at norske myndigheiter årleg ikkje skal bruke meir enn fire prosent av realavkastninga frå oljefondet (st.meld nr 29 (2000-2001:8)). The Dutch Disease fører til at det innanlandske inflasjonsnivået stig. For å motverke dette har norske myndigheiter nytta seg av Aukrustmodellen som er eit korporativt rammeverk der lønnsforhandlingar blir først gjort for dei konkurranseutsette sektorane, og resultatet av desse forhandlingane legg grunnlaget for lønnskrava til dei meir skjerma sektorane. Denne forhandlingsmodellen bidreg til at eksportsektoren ikkje skal oppleve svekka konkurransevne som følge av lønnsauking og prisstigning i den innanlandske økonomien (Moses 2010:138-139). Dette dømet viser kor viktig det er å etablere ein god forvaltningsmodell og leggje til rette for politisk samarbeid i samband med utvinning av petroleumsressursar. Oppgåva vil seinare gå nærmare inn på korleis den norske modellen fungerer når det kjem til ei tredeling av funksjonar, men det vil først bli forklart kvifor god statlig administrering blir sett på som viktig innanfor petroleumssektoren.

Humphreys, Sachs og Stiglitz (2007:4) viser til at petroleumsindustrien er ei viktig inntektskjelde ikkje berre for staten, men også for andre private kommersielle aktørar. Ei avgjersle som myndigheitene må ta handlar derfor om korleis ein skal handtere desse kommersielle interessene (Moses & Letnes forthcoming c:4). Det kan vere vanskeleg å oppretthalde institusjonar som ikkje lar slike kommersielle aktørar frå oljeindustrien få auka innverknad ovanfor staten (Moses 2010:126). Internasjonale oljeselskap er døme på slike aktørar som har stor interesse for petroleumsindustrien, og som har tilgang på kapital, teknologi og kompetanse (Moses & Letnes forthcoming c:9). Sidan denne type industri er svært kapital og teknologisk krevjande, må myndigheiter ofte samarbeide med internasjonale oljeselskap for å sikre effektiv utvinning av petroleumsressursane (Humphreys, Sachs & Stiglitz 2007:4). Eit samarbeid mellom staten og slike kommersielle aktørar kan vere utfordrande. Årsaka til dette kan vere at internasjonale oljeselskap og myndigheiter ofte har ulike mål med deltakinga i oljeindustrien (Al-Kasim 2006 132-133). I følgje Boscheck (2007:369) vil internasjonale oljeselskap søkje etter lønnsam aktivitet, låge transaksjonskostander, og auka avkastning, og dei vil sikre ei mangfaldig portefølje. Myndigheitene vil i motsetjing kunne akseptere eim lengre tidshorisont og ei lågare avkastning når det kjem til investeringar (Al-Kasim 2006:133). Myndigheitene sitt mål når det kjem til petroleumssektoren handlar om å sikre at ressursane blir gjort om til velstand for resten av befolkninga. Dette målet kan kome i konflikt med at staten samtidig må leggje til rette for kommersiell levedyktigheit gjennom samarbeid med kommersielle aktørar (Moses & Letnes forthcoming c:7). Blant anna må petroleumskattar handterast slik at det oppmodast til investeringar, og myndigheitene må sørge for at internasjonale selskap får ein rettferdig del av fortjenesta (Boscheck 2007:369). Internasjonale oljeselskap har i nokre tilfelle har utnytta sin posisjon til å sikre seg dei mest gunstige avtalane, medan staten taper viktige ressursinntekter (Stiglitz 2007:24-25). Likevel vil eit samarbeid mellom myndigheiter og oljeselskap vere naudsynt for effektiv ressursforvaltning (Al-Kasim 2006:135). Staten må dermed oppretthalde kommersiell levedyktigheit, men samstundes hindre at kommersielle aktørar får auka innverknad og tar kontroll over petroleumsindustrien (Moses & Letnes forthcoming c:7). Dette kan sjåast i samanheng med det Peter Evans (1995: 12) omtala som “Embedded Autonomy” Den norske modellen for petroleumsforvaltning er basert på ei institusjonell tredeling som nettopp skal leggje til rette for dette.


### **2.2.1 Den norske modellen**

Den norske modellen består av tre separate statlege institusjonar som har kvar sin funksjon. Eit departement tar føre seg den politiske styringa, eit direktorat står for regulering og teknisk

ekspertise, medan eit nasjonalt oljeselskap har ansvaret for den kommersielle drifta knytta til petroleumsressursane (Al-Kasim 2006:242; Thurber m.fl.2011:5366). I Norge er det Olje- og energidepartementet som utgjer den politiske funksjonen. Departementet har i samsvar med resten av den politiske leiinga i landet ansvar for setje overordna mål for petroleumssektoren, leggje ein plan for å nå desse måla, og gi ut produksjonslisensar (Thurber m.fl.2011:6367). I Norge er det Oljedirektoratet som har ein regulerande funksjon. Dette direktoratet samlar inn data for all verksemd som går føre seg på den norske kontinentalsokkelen, tar inn avgifter frå oljeoperatørar og bistår Olje- og energidepartementet med teknisk ekspertise. Direktoratet utarbeider og handhevar også dei reguleringane som gjeld for petroleumssektoren (Thurber et al 2011:6367). Den kommersielle funksjonen vart plassert hos eit nasjonalt oljeselskap. Statoil vart oppretta i 1972 for å sikre statleg deltaking i samband med petroleumsverksemda på norsk sokkel, og inngå formålstenlege samarbeid med andre innanlandske og utanlandske aktørar (st.meld nr 28 (2010-2011:8)). Reglar og retningslinjer blei etablert for å kontrollere at Statoil handla etter myndigheitene sin overordna politikk. Statoil måtte årleg rapportere direkte til oljedepartementet, medan representantar frå departementet vidare informerte Stortinget om selskapets aktivitetar<sup>1</sup> (Al-Kasim 2006:180). Norske myndigheiter blei bekymra etter kvart som Statoil utvikla seg til ein dominerande aktør, samstundes som seleskapet sine inntekter auka (Moses 2010:134). SDØE (statens direkte økonomiske engasjement) blei derfor oppretta som ein eigen juridisk funksjon, som skulle sikre at staten sine produksjonsrettigheitar blei separert frå dei rettigheitene som var kontrollert av Statoil. Dette var for å kontrollere Statoil sin økonomiske vekst (Moses 2010:134). I følgje Thurber m.fl.(2011:5371-5372) har den norske administrative ordninga bidrege til at Statoil har utvikla sin tekniske kompetanse, og ein har klart å hindre at kommersielle interesser har fått for stor innverknad ovanfor staten. Dette medverka igjeb til at Norge etter kvart fekk ein velutvikla innanlandsk oljeindustri (Torvik 2009:250; Al-Kasim 2006:241; Thurber m.fl.2011:5372). Figur 1 illustrer den norske modellen for petroleumsforvaltning.

---

<sup>1</sup> Denne praksisen gjeld ikkje for Statoil i dag. Sidan Statoil blei privatisert i 2001, ville ei slik ordning gitt informasjon til konkurrentar om seleskapets strategiske slutningar (Moses & Letnes forthcoming c:33).



**Figur 1: Den norske modellen (Moses & Letnes forthcoming c:39).**

Dei tre institusjonane i den norske modellen skal ikkje berre oppretthalde kvar sin funksjon, men dei er også avhengig av kvarandre (Moses & Letnes forthcoming c:6). Figur 1 viser at den politiske institusjonen har eit overordna ansvar ovanfor den regulerande og kommersielle institusjonen. Dette vil seie at det politiske organet legg føringar for dei reguleringane som skal gjelde for petroleumssektoren, og samstundes som det sørgjer for å ha politisk kontroll over det nasjonale oljeselskapet (Moses & Letnes forthcoming c:6). Forholdet mellom den politiske og kommersielle funksjonen inneber at den politiske institusjonen skal sikre at petroleumressursane kjem befolkninga til gode, men må også leggje til rette for ein kommersiell levedyktig industri. Svak politisk styring kan redusere konkurranseevna, noko som kan føre til at staten sine inntekter frå petroleumsindustrien reduserast (Moses & Letnes forthcoming c:7). Den politiske institusjonen må samstundes også hindre at det nasjonale oljeselskapet får for stor innverknad ovanfor myndigheitene. Den regulerande institusjonen må passe på at kommersielle aktørar følgjer etablerte reglar, som er avgjerande for at petroleumssektoren skal fungere effektivt (Al-Kasim, Søreide, Williams 2008:8). Når det kjem til forholdet mellom den politiske og regulerande funksjonen, så er det politiske organet avhengig av at den informasjonen som kjem frå regulatorane er påliteleg. Det regulerande organet bør derfor heller ikkje bli for mektig sidan det kan føre til politikk som bryt med dei overordna politiske måla som er satt for petroleumssektoren (Moses & Letnes forthcoming c:7). Ser ein på forholdet mellom den kommersielle og regulerande funksjonen skal den regulerande institusjonen sørgje for å beskytte miljø og arbeidarar frå dei kommersielle aktørane. Det regulerande regimet kan likevel ikkje vere for strengt slik at kommersielle aktørar ikkje finn det lønnsamt å delta i petroleumsindustrien. Det er likevel viktig at den regulerande institusjonen også hindrar at kommersielle aktørar får for stor makt (Moses & Letnes

forthcoming c:7). Dette viser også til at den norske modellen også skal balansere forholdet mellom dei tre ulike institusjonane, slik at ingen av desse institusjonane får ein svært dominerande rolle innanfor petroleumsindustrien.

Ein del av den norske modellen inneber at eit nasjonalt oljeselskap tar hand om staten sine kommersielle interesser. Fleire petroleumsrike statar vel å opprette slike selskap for å sikre statleg eigarskap over ei viktig inntektskjelde, hindre at nærvære av internasjonale oljeselskap fører til tapte ressursrenter, og for å auke statlege inntekter (Ike & Lee 2014; Mahdavi 2014; Victor, Hults & Heller 2012:9). Ein skulle tru at nasjonale oljeselskap er lettare å overvake enn internasjonale oljeselskap, men i somme tilfelle har det nasjonale oljeselskapet blitt enda vanskelegare for staten å kontrollere (Victor m.fl.2012:11). I nokre land har det vore vanleg å plassere både eit regulerande og kommersielt ansvar hos eit nasjonalt oljeselskap (Al-Kasim 2006:174). I praksis vil dette seie at det nasjonale oljeselskapet har ansvar for å regulere seg sjølv. Denne modellen for administrering av petroleumssektoren legg til rette for at det nasjonale oljeselskapet blir tildelt alle rettigheter til landet sine petroleumsressursar, og for å kunne utvinne desse ressursane må det nasjonale oljeselskapet samarbeide med internasjonale oljeselskap (Al-Kasim 2006:174). Det har også vore vanleg i land som har nytta seg av denne modellen at det nasjonale oljeselskapet får ansvaret for alle inntektene som genererast frå petroleumsindustrien. I fleire tilfelle har dette ført til at det nasjonale oljeselskapet utvikla seg til eit politisk og økonomisk maktsenter (Al-Kasim 2006:174). Boscheck (2007:374) viser til at dette også kan skje dersom det er eit uklart skilje mellom politiske og kommersielle oppgåver.

Nasjonale oljeselskap får ofte andre ansvarsoppgåver som til dømes å gi ut produksjonslisensar, samle inn skatt, bidra til auka sysselsetting, utvikle infrastruktur og representere landet på internasjonale arenaer (Boscheck 2007:374). Det kan derfor bli vanskeleg å skilje mellom kva slags institusjon som eigentleg har politisk makt, og det nasjonale oljeselskapet kan utvikle seg til “a state within a state” (Boscheck 2007:374). Slike seleskap har blitt heilt uavhengige frå statleg kontroll, og kan påverke politiske slutningar. Nasjonale oljeselskap kan få auka politisk makt, dersom det statlege byråkratiet ikkje utfører den regulerande kontrollen godt nok (Victor m.fl.2012:889). På denne måten kan staten få problem med å kontrollere det nasjonale oljeselskapet.

Den norske modellen sørgjer for at den kommersielle funksjonen blir separert frå den regulerande og politiske funksjonen. Dette kan bidra til at det nasjonale oljeselskapet utviklar seg til eit kompetent kommersielt seleskap, noko som vil styrkje seleskapet si drift og dermed også auke statens finansielle avkastning (Al-Kasim 2006:176; Thurber m.fl.2011:5368). Oppretting av separate politiske og regulerande institusjonar kan også gjere det enklare for

myndighetene å overvake kommersielle aktører. Dette kan bidra til at det ikkje oppstår interessekonfliktar der det nasjonale oljeselskapet tar i bruk regulerande eller politisk makt for å styrkje sine interesser, motverke konkurranse og hindrar at petroleumsinntektene kjem befolkninga til gode (Thurber & Istad 2010:21, Al-Kasim 2006:176; Thurber m.fl.2011:5368). Ein unngår dermed at det nasjonale oljeselskapet utviklar seg til eit maktsenter innanfor staten. Det kan derfor argumenterast for at den norske modellen vil auke staten sine inntekter (Thurber m.fl.2011:5368).

### **2.2.2 Den norske modellen og fattigdomsreduksjon**

Denne oppgåva vil argumentere for at den norske modellen for petroleumsforvaltning vil ha ein positiv innverknad på reduksjon av fattigdom. I kapittel 2.1.1 vart det vist til at “good governance”, handel og kapital har ein påverknad på fattigdomsreduksjon (Sachs 2005; Hopper 2012; Bannister & Thugge 2001; Grindle 2004, 2007; Rothstein & Teorell 2008). Denne oppgåva vil konsentrere seg om samanhengen mellom den norske modellen og kapital, men modellen kan også relaterast til “good governance” og handel. “Good governance” handlar om korleis institusjonar har ein innverknad på reduksjon av fattigdom, og ein kan argumentere for at den norske modellen er eit eksempel på “good governance” når det kjem til petroleumsforvaltning. Denne modellen legg vekt på integritet, openheit og gjennomsiktighet i gjennomføring av petroleumpolitikken, og modellen hindrar at nokre få aktører får for mykje makt innanfor petroleumsindustrien. Dette vil leggje til rette for at utvinning av petroleumsressursar vil kome til nytte for heile befolkninga (Al-Kasim 2006: 243-246; Thurber et al.2011:5368). Når det vert snakk om handel vil eksport kunne auke staten sine inntekter, og få ein positiv innverknad på sysselsetting og lønningar blant fattige (Bannister & Thugge 2001:7; Bhagwati & Srinivasan 2002:180). Den norske modellen har lagt til rette for at norske myndigheter har kunne kontrollert farten på ressursutvinninga, og hindra at eksportsektoren har blitt truga av svekkja konkurranseevna (Moses 2010:27). Denne modellen kan dermed bidra til auka handel gjennom å motverke at the Dutch Disease får negative konsekvensar for resten av eksportsektoren i eit land. Dette vil også ha ein positiv innverknad på fattigdomsreduksjon.

Samanhengen mellom den norske modellen og kapital talar for at denne modellen vil bidra til å styrkje land sin kapitalbeholdning gjennom å sikre staten ei meir påliteleg og stabil inntektskjelde (Thurber m.fl.2011:5368). Dette skjer fordi dei tre separate institusjonane vil gjere det lettare for staten å overvake kommersielle aktører som det nasjonale oljeselskapet. Den politiske funksjonen sørgjer for politisk kontroll, medan ein sjølvstendig regulerande

institusjon passar på å regulere det nasjonale oljeselskapet, og andre kommersielle aktører. Den norske modellen hindrar at eit nasjonalt oljeselskap både har ein kommersiell og regulerande funksjon innanfor petroleumssektoren. Ein kan dermed unngå at det nasjonale oljeselskapet tar kontroll over og brukar viktige ressursinntekter til eigne formål i staden for å prioritere staten sine målsetjingar (Thurber & Istad 2010:21; Thurber m.fl.2011:5368; Al-Kasim 2006:174). Staten vil derfor enklare unngå tap av viktige petroleumsinntekter, noko som også fører til at staten får aukande inntektene frå petroleumssektoren. Desse inntektene kan brukast til å redusere fattigdom. Eg vil derfor argumentere for at den norske modellen vil gjere det enklare for staten å sørge for at inntektene frå petroleumssektoren kjem til nytte for heile samfunnet. Basert på dette vil det bli lagt fram følgjande hypotese:

*H<sub>1</sub>: Land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen – definert som eit klart skilje mellom den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen vil oppleve betre fattigdomsreduksjon.*

Som nemnd ovanfor i kapittel 2.2.1 har nokre statar valt å opprette eit nasjonalt oljeselskap som både har ein regulerande og ein kommersiell funksjon (Al-Kasim 2006:174). I somme tilfelle har det nasjonale oljeselskapet i tillegg også fått ansvaret for å forvalte petroleumsinntektene. Sidan det ikkje finns ein sjølvstendig regulerande institusjon, kan det bli vanskeleg for staten å overvake det nasjonale selskapet. Ein konsekvens av dette kan vere at mangel på effektive kontrollmekanismer fører til at staten ikkje har kontroll over ressursinntektene. Dette kan føre til at staten ikkje får utnytta sine ressursinntekter optimalt. Dette vil seie at land sin kapitalbeholdning vil bli svekka, noko som inneber at staten ikkje vil få aukande inntekter som kan brukast til fattigdomsreduksjon. Basert på dette vil det bli forventat å finne i oppgåva si empiriske analyse at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen vil oppleve betre reduksjon av fattigdom, enn land som ikkje har innført denne modellen. Kapitlet nedanfor vil ta føre seg dei metodiske vala som har blitt tatt for å teste dette argumentet.





### **3.0 Metode**

I dette kapitlet vil oppgåva sin metodiske framgangsmåte bli presentert. Eg vil starte med å forklare kvifor eg har valt komparativ casestudie. Vidare vil eg vise til korleis eg har valt å operasjonalisere studien sin uavhengige og avhengige variabel.

### **3.1 Komparativ casestudie**

For å teste oppgåva si hypotese vil det bli tatt utgangspunkt i eit utval på ti land i samsvar med studien til Thurber m.fl. (2011). Desse landa er Algerie, Angola, Brasil, Malaysia, Mexico, Nigeria, Norge, Russland, Saudi Arabia og Venezuela. Studien til Thurber m.fl. (2011) analyserer korleis den norske modellen påverkar resultatata i oljesektoren, medan formålet med denne studien er å undersøkje kva slags innverknad den norske modellen har på fattigdomsreduksjon. Fordelen med å utgangspunkt i ein tidelegare studie, vil vere at ein kan bruke det same utvalet av case til å teste ein ny samanheng. Dette kan gi betre kunnskap om kva konsekvensar den norske modellen får for dei landa som har ein slik modell. Gjennom å teste ein ny samanheng kan ein få betre kjennskap til om den norske modellen ikkje berre har ein påverknad på resultat i oljesektoren, men om modellen også kan ha ein innverknad på andre samfunnsøkonomiske forhold. Utvalet til Thurber m.fl. (2011) består av ei lik fordeling av land som har innført den norske modellen, og land som ikkje har det. Dette gjer at utvalet av case også vil passe bra til min studie, sidan eg kan undersøkje om land som har den norske modellen opplever betre fattigdomsreduksjon enn land som ikkje har ein slik modell. Landa i utvalet representerer har ulik geografisk plassering, og landa kan eller ha utsikter for å bli nettoeksportørar av petroleum (Thurber m.fl.2011:5370). Det vil vere vitig å framheve at denne caseutveljinga vil ha ein innverknad på studien sitt resultat. Dersom andre petroleumsrike land hadde blitt valt som case, er det sannsynleg at eg kunne ha fått andre resultat etter å undersøkt samanhengen mellom den statlege administreringa av petroleumssektoren og fattigdomsreduksjon. Sidan eg vil fokusere på land som har den norske modellen, vil eg velje å følge caseutveljinga til Thurber m.fl.(2011).

Metoden som vil bli nytta til å undersøkje kva innverknad den norske modellen har på fattigdomsreduksjon vil dermed vere ein komparativ casestudie av ti land. Denne studien vil derfor vere ein case av korleis petroleumssektoren er administrert i dei ulike landa, og kva innverknad dette har på fattigdomsreduksjon. Ragin (1987:3) viser til at kvar enkelt case representerer ein heilskap som har fleire kombinasjonar av ulike karakteristikkar. Komparative casestudiar identifiserer likskap og ulikskapar mellom fleire forskjellige case, og dei ulike

kombinasjonane i kvart enkelt case blir samanlikna med kvarandre (Ragin 1987:49). I følgje Ragin (1987:3) kan denne metoden bidra til ei betre forståing av historiske resultat og prosessar, og forklare korleis dette påverkar det sosiale liv. Tradisjonelle komparative metodar som John Stuart Mills samsvarsmetode og forskjellsmetode blir ofte nytta til å undersøkje etablerte årsakssamanhengar (Moses & Knutsen 2012:99-102). I samfunnsforskning kan eit resultat vere avhengig av mange ulike faktorar, og det kan derfor vere ei utfordring å identifisere konkrete kausalmekanismar (Ragin 1987: 20). Komparative casestudiar undersøker derfor som regel ikkje meir enn fire case. Mills metodar vil vere problematiske å bruke dersom ein har fleire case som skal undersøkjast, noko som vil vere tilfelle for denne studien. Fleire case vil gi fleire moglege årsakssamanhengar, og dette vil gjere analysen svært omfattande og komplisert (Ragin 1987: 49). Sidan min storleik på utvalet er på ti case karakteriserast dette som ein mellomstor N-studie (Moses, Rihoux & Kittel 2005:61). Denne studien tar dermed føre seg komplekse årsakssamanhengar, og eg har derfor valt å nytte meg av ein strukturert komparativ casestudie der dei same faktorane vil bli undersøkt i kvar enkelt case. Dette vil gjere det lettare å samanlikne fleire ulike case på ein systematisk måte. Studien vil samanlikne land som har administrert petroleumssektoren sin etter den norske modellen med land som ikkje har denne modellen, for å sjå på kva dette har å seie for fattigdomsreduksjon.

Fordelen med casestudie som metode er at ein kan undersøkje kvart einskild case særst nøyte. Dette kan føre til betre forståing av ein teori, eit argument eller allereie etablerte årsakssamanhengar (Moses & Knutsen 2012:134; Hancké 2009:62). Det finns eit argument som viser til at den norske modellen har bidrege til Norges suksessfulle forvaltning av petroleumsressursane (Collins 2003; Al-Kasim 2006; Nore 2009). Denne studien ønskjer å undersøkje om denne modellen også kan sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon. Casestudie som metode byr også på fleire utfordringar. På grunn av kompleksiteten til kvar einskild case vil det vere andre faktorar enn dei som har blitt identifisert i analysen som vil påverke dei fenomena som vert undersøkt (Hancké 2009:78). Studien sin interne validitet peikar på om ein har kontrollert for alle vesentlege variablar slik at korrelasjonane kan karakteriserast som kausalitet (Moses & Knutsen 2012:60). I mitt tilfelle vil dette vere vanskeleg sidan det vil vere fleire andre variablar som vil ha ein innverknad på fattigdomsreduksjon, variablar som det ikkje vil bli kontrollert for. Som nemnd i kapittel 2.1.1 kan til dømes økonomisk vekst, inntektsfordeling, internasjonal handel og marknadsliberalisering ha ein innverknad på fattigdomsreduksjon. Målet med denne studien vil derfor ikkje vere å slå fast ein klar kausalmekanisme mellom dei fenomena eg undersøker. Eg vil heller forsøke å kunne gi eit svar på om den norske modellen også kan sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon.

Ein annan utfordring knytta til denne type studiar er at det vil vere problematisk å nytte casestudiar som grunnlag for generalisering (Hancké 2009:61). Dette omhandlar studien sin eksterne validitet. Denne studien har eit lite utval av case som analyserast. Samtidig vil caseutveljinga vere avgjerande for studien sitt resultat, og det vil eksistere fleire andre variablar som påverkar fattigdomsreduksjon innanfor ulike case. Dette inneber at mine funn ikkje vil kunne nyttast til generalisering.

### **3.2 Operasjonalisering**

Studien sin uavhengige variabel tar føre seg korleis landa i utvalet har valt å administrere deira petroleumssektor. For å kunne identifisere den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen i dei ti landa har eg følgd operasjonaliseringa til Turber m.fl.(2011). Den uavhengige variabelen vil vere ein dikotom variabel som tar føre seg om petroleumsektoren er administrert etter den norske modellen eller ikkje. Denne variabelen vil altså vise til variasjonar mellom dei ti landa når det kjem til administrering av petroleumssektoren. Fem av dei ti landa i utvalet (Algerie, Brasil, Mexico, Nigeria og Norge) har administrert oljesektoren etter den norske modellen. På eit tidspunkt har desse landa separert den kommersielle, politiske og regulerande funksjonen innafor petroleumsektoren, og dette kan derfor karakteriserast som eit klart skilje. Resten av utvalet (Angola, Malaysia, Russland, Saudi Arabia og Venezuela) har enten ikkje valt administrert petroleumssektoren sin etter den norske modellen, eller ein ser at det politiske og regulerande organet har fått tildelt så lite makt at det i praksis er det nasjonale oljeselskapet som styrer petroleumssektoren. I Angola, Malaysia og Venezuela finns det ikkje ein sjølvstendig regulerande institusjon, medan i Russland og Saudi Arabia har det nasjonale oljeselskapet ein dominerande rolle ovanfor det regulerande organet. I desse tilfella kan ein ikkje slå fast at det finns eit klart skilje mellom den kommersielle, politiske og regulerande funksjonen.

Fattigdomsreduksjon er studiens avhengige variabel. I kapittel 2.1 vart det forklart at fattigdomsreduksjon handlar om å gi menneske dei grunnleggjande evnene som trengst for kunne leve eit verdig liv (UNICEF 2000:39). Dette viser til at fattigdomsreduksjon er eit vidt omgrep som kan vere vanskeleg å operasjonalisere. Ei utfordring i denne studien vil derfor vere knytta til omgrepsvaliditet. Dette dreiar seg om det konseptet eg har definert kjem til uttrykk gjennom dei målingane eg vel å bruke (Hancké 2009:87). Inntekt er ein indikator som ofte blir knytta til fattigdomsreduksjon, og eg kunne derfor ha brukt BNP per capita som eit mål på dette. Men sidan oppgåva har definert at fattigdomsreduksjon handlar om gi menneske evna til å

kunne leve eit verdig liv, og dette inneber ei forståing om at fattigdom ikkje berre er eit resultat av låg inntekt. BNP per capita gir ingen informasjon om andre forhold som påverkar livskvalitet, som til dømes tilgang til helse og utdanningstenester (Sen 1998:5). Fleire av menneske sine grunnleggjande evner kan bli styrka gjennom tilgang til slike tenester, og satsing på helse og utdanning vil vere ein viktig strategi for å kunne redusere fattigdom (UNDP 1997:110; Tilak 2002:191). Utdanning kunne derfor ha bli brukt som ein indikator for å operasjonalisere fattigdomsreduksjon, og eg kunne ha valt variablar som tar føre seg kor mange elevar som fullfører grunnskulen eller variablar som målar førekomsten av analfabetisme. Satsing på utdanning vil vere viktig for å styrkje menneske sine evner, og ei slik satsing vil kunne auke moglegheita for at fleire menneske får skaffa seg ein jobb og inntekt i framtida (UNDP 1997:110; Tilak 2002). Utdanning vil dermed vere avgjerande for å kunne redusere fattigdom. På grunn av manglande tilgjenge på utdanningsdata for nokre av landa i utvalet mitt, har eg i staden valt å bruke helse som ein indikator for å kunne operasjonalisere fattigdomsreduksjon. Som nemnd ovanfor er fattigdomsreduksjon eit vidt omgrep, så det vil vere problematisk å berre nytte seg av helsevariablar for å måle reduksjon av fattigdom. Ein av årsakene til at valet fall på helse var på grunn av tilgjenge av data. Korleis eg har valt å operasjonalisere fattigdomsreduksjon vil derfor også bli avgjerande for studien resultat. Eg ville kanskje ha kunne fått andre resultat dersom eg hadde brukt andre variablar for å operasjonalisere fattigdomsreduksjon. Dette vil vere eit av studiens svake punkt.


Eg vel altså variablar knytta til helse for å operasjonalisere fattigdomsreduksjon. Betre helse vil vere vesentleg for a menneske skal kunne leve eit verdig liv. For å kunne redusere fattigdom vil det vere naudsynt å betre offentlege helsetilbod, auke satstinga på sjukdomsførebygging og sikre tilgang på medisinsk kunnskap (UNDP 1997:28; Anand & Sen 1997:6; Sen 1998:5). Sen (1998:2) viser til at mangel på offentlege helsetenester kan føre til høg dødelegheit blant barn. Ei høg barnedødelegheitsrate kan indikere ei høg førekomst av sjukdommar og dårlege forhold ved fødsel (Nafziger 2012:340). Fleire millionar barn dør kvar år på grunn av fattigdom (UNICEF 2000:1). Fattige barn kan lettare bli råka av infeksjonssjukdommar, noko som kan svekkje deira fysiske og kognitive kapasitet. Dårleg helse i ung alder kan også få ein innverknad på framtidig læringsevne, og dette kan hindre at barn tar del i viktig skulegang (UNICEF 2000:2; Murray 2006:923). Å sikre god helse blant barn vil ikkje berre vere avgjerande for betre livskvalitet, men vil samstundes vere ein viktig strategi for å kunne redusere fattigdom (UNICEF 2000:22). Eg vil derfor nytte meg av dei to variablane *offentlege helseutgifter per capita* og *dødelegheitsraten blant barn under fem år* for å operasjonalisere fattigdomsreduksjon. Variabelen offentlege helseutgifter per capita er henta

frå Verdas helse organisasjon (WHO 2016a), medan variabelen dødelegheit blant barn under fem år er henta frå Verdsbanken sin World Development Indicators (WDI 2016). Denne variabelen måler sannsynet for at eit barn vil døy per tusande fødsel. Begge desse variablane er kontinuerlege og det vil bli nytta data frå tidsperioden 1995 til 2013. Årsaka til at denne tidsperioden har blitt valt, er at det ikkje var tilgjengeleg data om helseutgifter for alle landa frå før 1995. Det vil vere eit problem som oppstår på grunn av at eg vel å nytte data frå denne tidsperioden. Algerie og Mexico er to av landa i utvalet som innført den norske modellen, men dette skjedde ikkje før i 2005 i Algerie og i 2007 i Mexico. Sidan det ikkje er lenge sidan den norske modellen vart etablert i Algerie og Mexico, kan det bli vanskeleg å seie noko sikkert om kva innverknad denne modellen faktisk har på fattigdomsreduksjon i desse landa. Det ville ha vore betre å kunne ta i bruk data der tida mellom den uavhengige og den avhengige variabelen hadde vore lang nok til at effekten vart tydeligare. Tidsperioden som analyserast vil derfor også få ein innverknad på resultatata i denne studien. Hadde eg nytta meg av ein anna tidsperiode, kan det hende at resultatata hadde vore annleis.


Smittsame sjukdommar og komplikasjonar blant nyfødde er den hyppigaste årsaka til at barn under fem år døyr. I fleire tilfelle kan eigentleg slike sjukdommar lett førebyggjast eller behandlast (UN IGME 2015:1). Men for å motverke denne type sjukdommar treng ein legar, sjukepleiarar, medisinar og sjukehus, og slike helsetenestar kostar pengar (WHO 2010a:4). Som nemnd ovanfor argumenterer Sen (1998:2) for at mangel på offentlege helsetenester kan føre til høg dødelegheit blant barn. Sidan variabelen offentlege helseutgifter per capita seier noko om kor mykje pengar myndigheitene brukar på befolkninga si helse, kan ein sjå føre seg at det finns ein korrelasjon mellom kor mykje land brukar på helseutgifter og nivå på barnedødelegheit. Det har derfor blitt gjort ein bivariat analyse (ved hjelp av scatterplot, sjå Appendix A) av dei to variablane offentlege helseutgifter per capita og dødelegheit blant barn under fem år for kvart einskild land i utvalet. Analysen viser at det er ein sterk samanheng mellom desse to variablane. (Algerie, Angola, Mexico, Norge, Russland og Saudi Arabia har ein  $R^2$  på over 0,80, Nigeria, Malaysia, og Nigeria har ein  $R^2$  på over 0,50, medan Brasil har ein  $R^2$  på 0,48). Ut i frå dette kan ein argumentere for at summen av pengar myndigheitene i dei ulike landa brukar på helse vil få ein innverknad på barnedødelegheitsraten. Satsing på helse vil derfor vere avgjerande for å sikre betre helse blant barn, som igjen vert viktig strategi for at land skal kunne redusere fattigdom. Dette viser at desse to helsevariablane offentlege helseutgifter per capita, og dødelegheitsrata blant barn under fem år kan brukast til å operasjonalisere fattigdomsreduksjon.

Figur 2 og figur 3 nedanfor viser korleis dei ti landa i utvalet gjer det når ein ser på dei to variablane offentlege helseutgifter per capita og dødelegheitsraten blant barn under fem år. (sjå Appendiks B for ei meir detaljert oversikt over dei ulike verdiane til dei ti landa når det kjem til dei to variablane offentlege helseutgifter og barnedødelegheit). Figur 2 viser kor mykje dollar per capita dei ti landa har brukt på offentlege helseutgifter frå 1995 til 2013. Denne figuren viser at Norge er det landet som har brukt mest på offentlege helseutgifter, og som har hatt ei stor auke i utgiftene frå 1995 (2273 dollar per capita) til 2013 (8303 dollar per capita). Nigeria er derimot det landet som klart har brukt minst pengar på offentlege helseutgifter. Landet har sidan 2011 brukt mindre enn 28 dollar per capita. Saudi Arabia, Brasil, Russland og Mexico er dei landa som har nest mest utgifter på offentlege helseutgifter, og desse landa har brukt sidan 2010 brukt mellom 300 til 500 dollar per capita på offentlege helseutgifter. Ein ser ut i frå figur 2 at Algerie, Malaysia, Angola og Venezuela har brukt noko mindre (frå 50 til 250 dollar per capita) på offentlege helseutgifter frå 1995 til 2013. Figur 2 illustrer også at alle dei ti landa frå 1995 til 2013 har auka pengebruken på helseutgifter, men at nokre av landa har gjennom dei siste åra har opplevd ein svak nedgang. Dette er tilfellet for Nigeria, Venezuela og Saudi Arabia.

Når det kjem til dødelegheit blant barn under fem år viser Figur 3 ovanfor at alle land har opplevd ein nedgang i dødelegheitsraten frå 1995 til 2013. Angola og Nigeria er dei landa som har den klart høgaste dødelegheitsraten i denne tidsperioden. Deretter følgjer Algerie, Brasil, Mexico, Saudi Arabia, Venezuela og Russland. Frå 1995 til 2013 er det Norge og Malaysia dei landa som har den lågaste dødelegheitsraten blant barn under fem år. Ut i frå figur 2 og figur 3 vil det bli argumentert for at det også finns variasjon i utvalet når det kjem til fattigdomsreduksjon. Dette talar for at utvalet av land frå Thurber m.fl.(2011) også kan brukast i denne studien.



Figur 2: Offentlige helseutgifter per capita for landa i utvalet (WHO 2016a).



Figur 3: Dødelighetsrata blant barn under fem år for landa i utvalet (WDI 2016).



Dei to helsevariablane offentlege helseutgifter per capita og dødelegheit blant barn under fem år er kontinuerlege variablar, medan oppgåva sin uavhengige variabel vil vere ein dikotom variabel. Det kan dermed bli problematisk å setje desse variablane opp mot kvarandre i ein analyse. Basert på figur 2 og figur 3 ovanfor har eg derfor lagd ei kategorisering som viser til korleis dei landa i utvalet presterer når det kjem til helse. Denne kategoriseringa består av to kategoriar 1.bra og 2.dårlig. Eg har valt å kalle kategori 2 for dårleg for at det skal vere eit klart skilje mellom dei to kategoriane, sjølv om alle dei ti landa i utvalet har opplevd ei forbetring når ein ser på offentlege helseutgifter per capita og dødelegheitsraten blant barn under fem år. Dei ti landa har blitt plassert i dei to kategoriane ut i frå korleis dei plasserer seg i forhold til kvarandre, og etter kor god forbetringa har vore i kvart einskild land samanlikna med dei andre landa i utvalet ut i frå dei to helsevariablane. Kategoriseringa av dei fem landa i utvalet som har den norske modellen, vil basere seg på tidsperioden etter at denne modellen blei innført i desse landa.<sup>2</sup>

Eg har også tatt utgangspunkt i ein terskelverdi for offentlege helseutgifter og barnedødelegheitsraten for å kunne plassere dei ti landa i dei to ulike kategoriane. Å setje ein terskelverdi for ein kontinuerleg variabel som varierer over tid kan vere problematisk. Eit anna problem som ein må ta omsyn til når ein skal setje ein terskelverdi for offentlege helseutgifter er at landa i mitt utval består både av høg- og låginntektsland. Tal frå Verdas helseorganisasjon viser til at OECD land brukar i gjennomsnitt 4000 dollar årleg per capita på helseutgifter, medan afrikanske land kan bruke ned mot 100 dollar årleg per capita (WHO 2010a:2; WHO 2010b:127). Norge er eit høginntektsland som brukar klart mykje meir pengar på helse samanlikna med til dømes Nigeria. Det finns derfor ikkje noko fasitsvar på kor denne terskelverdien skal setjast. Sjølv om eg har tre afrikanske land i utvalet mitt, kan ikkje denne verdien settast for lågt. Dersom terskelverdien hadde blitt satt til nærare 100 dollar per capita, ville ikkje dette ha vore representativt for resten av utvalet. Dei andre landa i utvalet ligg generelt over eit slikt nivå. Likevel kan heller ikkje terskelverdien settast for høgt, sjølv om utvalet også består av to OECD-land. Hadde verdien vore satt til 1000 dollar per capita, hadde eg ikkje fått noko spreining i utvalet mitt. Ein for høg verdi hadde også gjort at land som faktisk har opplevd ei klar forbetring når det kjem til helse hadde blitt kategorisert som dårleg. Eg har derfor valt å sjå bort i frå korleis Norge presterer når eg skal setje ein terskelverdi for offentlege helseutgifter. Basert på kor mykje dei ni andre landa i utvalet har brukt på helseutgifter frå 1995

---

<sup>2</sup> Norge har hatt den norske modellen sidan 1972. Brasil innførte denne modellen i 1997, medan Nigeria har hatt denne modellen sidan 1999. Algerie innførte den norske modellen i 2005, og Mexico har hatt denne modellen sidan 2007.

til 2013 har terskelverdien for offentlege helseutgifter blitt satt til 300 dollar per capita. Den horisontale linja i figur 2 illustrerer dette. Dersom land brukar over 300 dollar per capita eller meir på offentlege helseutgifter, og blir værande på eit slikt nivå vil deira prestasjon bli kategorisert som bra.

Når det kjem til dødelegheit blant barn under fem år, har det blitt satt eit mål om land bør ha ein barnedødelegheitsrate på 25 eller mindre per 100 fødsel innan 2030<sup>3</sup> (UN IGME 2015:2). Fleire av dei ti landa i mitt utval har allereie nådd dette målet. Derfor vil 25 bli brukt som ein terskelverdi for dødelegheit blant barn under fem år, og dette illustrerer den horisontale linja i figur 3. Land som har ein dødelegheitsrate blant barn under fem år på 25 eller mindre vil bli kategorisert som bra. Det vil også i dette tilfellet vere problematisk å nytte seg av ein slik terskelverdi for barnedødelegheit, sidan denne variabelen endrar seg over tid og utvalet består av ulike typar land. Til dømes hadde låginntektsland i 2015 ein dødelegheitsrate på 76 per 1000 fødsel, medan høginntektsland hadde ein dødelegheitsrate på 7 per tusande fødsel (WHO 2016b). Dette ser ein også ut i frå figur 3 som viser at Norge har ein svært mykje lågare barnedødelegheitsrate enn Nigeria. Eg vil likevel nytte meg av ein terskelverdi slik at det skal bli enklare å vurdere om land presterer bra eller dårleg når ein ser på dødelegheitsraten blant barn under fem år. Det vil altså vere problematisk å bruke ei slik todelt kategorisering av kontinuerlege variablar som endrar seg over tid. Ein ser blant anna at Norge presterer klart mykje betre når det kjem til helse enn alle dei ni andre landa i utvalet. Dersom eg samanliknar alle dei ni andre landa med Norge, så gjer alle det mykje dårlegare. For at Norge ikkje skal vere det einaste landet som hamnar i kategori 1, har eg fokusert på korleis dei ni andre landa presterer når eg ser bort i frå Norge. Det kan også vere utfordrande å seie noko om forbetring ut i frå nedgangen i barnedødelegheitsrata, sidan nedgangen i dei landa som allereie har ei låg dødelegheitsrate (som til dømes Norge) ikkje vil vere like stor over tid som i dei landa som har ein veldig høg dødelegheitsrate (som til dømes Angola). Eit anna problem med denne kategoriseringa vil vere at den er basert på mi eiga subjektive vurdering, og andre ville kanskje ha gjort ei heilt anna vurdering av korleis desse landa presterer når ein ser på helse. Dette gjer at kategoriseringa av den avhengige variabelen vil vere avgjerande for analysens sitt resultat. I kapittel 4.1 nedanfor vil det bli gitt ei nærare forklaring på kva for kategori dei ti landa i utvalet har blitt plassert i.

---

<sup>3</sup> Det internasjonale samfunnet skal bli einige om eit nytt rammeverk som skal ta over for FN's tusenårs mål, The Sustainable Development Goals. Det har blitt foreslått at eit av dei nye måla skal vere at land bør ha ein dødelegheitsrate for barn under år på 25 eller mindre innan 2030 (UN IGME 2015:2).



## 4.0 Empirisk kartlegging

Til no har oppgåva vist til eit teoretisk rammeverk som la grunnlag for oppgåva si hypotese, og dei metodiske vala har blitt diskutert. Før det vil bli gjort ei analyse som undersøker kva innverknad den norske modellen for petroleumsforvaltning har på fattigdomsreduksjon, vil eg i kapittelet 4.1 om den avhengige variabelen vise til kva for kategori dei ti landa i utvalet blir plassert i ut i frå variablane offentlege helseutgifter og barnedødelegheit. Vidare vil kapittel 4.2 forklare nærare om korleis dei ti landa har administrert sin petroleumssektor. Dette utgjør oppgåva sin uavhengige variabel.

### 4.1 Avhengig variabel

Som tidelgare nemnd vil dei to variablane offentlege helseutgifter per capita, og dødelegheit blant barn under fem år bli nytta som studien sin avhengige variabel. Tabell 1 nedanfor viser til kategoriseringa av dei ti landa i utvalet basert på korleis dei presterer når det kjem til dei to helsevariablane. Denne kategoriseringa er basert på figur 2 og figur 3 på side 25 ovanfor (sjå Appendiks B for detaljert informasjon om verdiane på dei to helsevariablane for landa i utvalet). Ut i frå tabell 1 ser ein at Norge, Brasil, Saudi Arabia, Russland, Malaysia og Mexico har blitt plassert i kategori 1, bra.

<b>Helse</b>	
<b>Bra</b>	NOR, BRA, SAU, RUS, MAL, MEX
<b>Dårleg</b>	VEN, ALG, NIG, ALG

**Tabell 1: Kategorisering av helse.**

Norge er det landet i utvalet som har brukt mest dollar per capita på offentlege helseutgifter, blant barn under fem år. Figur 2 viser at frå 1995 (2273 dollar per capita) til 2013 (8303 dollar per capita) har Norge hatt ei klar auke når det kjem til offentlege helseutgifter, samtidig som at dødelegheitsraten også har gått nedover i denne perioden. Brasil har sidan 2003 hatt ei bratt auke i bruk av pengar på offentlege helseutgifter. I 2003 brukte Brasil 95 dollar per

capita, medan figur 2 viser at helseutgiftene sidan 2008 har lege over terskelverdien (300 dollar per capita). I 2013 vart det brukt 523 dollar per capita på helseutgifter. Ut i frå figur 3 ser ein at Brasil har sidan 2009 også vore det tredje beste landet i utvalet når det kjem til helseutgifter. Samtidig har barnedødelegheitsrata i Brasil gått ned frå 40,2 i 1997, då den norske modellen vart innført, til 16 i 2013 noko som er langt under terskelverdien (25). Brasil er dermed eit av dei landa i utvalet som har den klart beste framgangen med tanke på reduksjon av dødelegheit blant barn under fem år, og barnedødelegheitsrata er på eit lågt nivå samanlikna med andre land i utvalet.

Saudi Arabia har blitt plassert i kategori 1, fordi figur 2 viser at Saudi Arabia er det nest beste landet i utvalet når det gjeld bruk av pengar på helseutgifter, og blir berre forbi gått av Brasil i 2013. Heilt sidan 2004 har helseutgiftene i Saudi Arabia lege over terskelverdien. Barnedødelegheitsrata har også gått ned frå 29,7 til 16,5 mellom 1995 og 2013. Ut i frå figur 2 ser ein at dei offentlege helseutgiftene i Russland frå 1999 (48 dollar per capita) til 2013 (460 dollar per capita) har hatt ein klar aukande trend. Russland er dermed det fjerde beste landet i utvalet når det gjeld helseutgifter, og landet har også sidan 2004 hatt den tredje lågaste dødelegheitsraten i utvalet. I Russland har barnedødelegheitsrata gått ned frå 26,4 i 1995 til 10,4 i 2013. Malaysia har sidan 1998 (52 dollar per capita) og fram til 2013 (232 dollar per capita) hatt ei jamn auke i bruken av pengar på helseutgifter. Dette gjer at landet si plassering kjem heilt middles ut når det er snakk om offentlege helseutgifter, og figur 2 viser at helseutgiftene ikkje går ikkje over terskelverdien. Malaysia er likevel plassert i kategori 1 fordi ein ser ut i frå figur 3 at landet klart har hatt den nest lågaste barnedødelegheitsraten i utvalet frå 1995 (13,3) til 2013 (7,5), noko som også er langt under terskelverdien. Mexico har hatt ei jamn stigning i helseutgiftene per capita frå 1995 (75 dollar per capita) til 2013 (316 dollar per capita), og sidan Mexico innførte den norske modellen i 2007, viser figur 2 at utgiftene sidan 2011 har lege over terskelverdien. Når ein ser på dødelegheit blant barn under fem år, gjekk dødelegheitsrata under terskelnivå (25) i 2001. Mexico er det landet som presterer dårlegast når det kjem til helse i kategori 1, men presterer likevel klart betre enn landa i kategori 2.

Venezuela, Algerie, Angola og Nigeria er plassert i kategori 2. Venezuela er plassert i denne kategorien fordi landet har opplevd store svingingar når det gjeld helseutgifter. Figur 2 viser at frå 2004 til 2009 låg landet på nivå med Mexico og Brasil, men at Venezuela sidan 2009 har opplevd ein klar nedgang. Frå 2012 til 2013 gjekk helseutgiftene ned frå 200 dollar per capita til 141 dollar per capita. Dette gjer at Venezuela til den nest dårlegaste landet i utvalet når det kjem til helseutgifter i 2013. Barnedødelegheitsrata i Venezuela har likevel gått ned frå 26,3 i 1995 til 15,7 i 2013, noko som ligg under terskelverdien når ein ser på figur 3. Algerie

har opplevd ei auke i offentlege helseutgifter frå 48 dollar i 1995 til 233 dollar i 2013, og sidan den norske modellen blei innført i 2005 har ikkje helseutgiftene passert terskelverdien (300). Algerie plasserer seg derfor på nivå med Malaysia når det kjem til helseutgifter. Men Algerie har ikkje den same låge dødelegheitsraten blant barn under fem år som ein finn i Malaysia. Ut i frå figur 3 ser ein at barnedødelegheitsraten i Algerie frå 1995 til 2013 har gått ned frå 42,5 til 25,8. Dette gjer at barnedødelegheita ligg akkurat over terskelverdien både før og etter den norske modellen vart innført i 2005. Landet har dermed sidan 1997 hatt den tredje høgaste dødelegheitsraten i utvalet i denne tidsperioden. Derfor blir Algerie plassert i denne kategorien. Figur 3 viser at Angola er det landet i utvalet som har den høgaste dødelegheita blant barn under fem år. Sjølv om dødelegheita har gått ned frå 224,8 til 167,1 frå 1995 til 2013, er barnedødelegheita framleis ekstremt høg samanlikna med resten av landa i utvalet. Angola er også det nest dårlegaste landet i utvalet med omsyn til offentlege helseutgifter, sjølv om også utgiftene har auka frå 14 dollar per capita i 1995 til 178 dollar per capita i 2013. Ut i frå figur 2 ser ein at helseutgiftene dermed ikkje har passert terskelverdien. Nigeria er det klart dårligaste landet i utvalet når det kjem til helseutgifter. Figur 2 viser at frå 1995 til 2013 har helseutgiftene berre auka frå 9 dollar per capita til 26,2 dollar per capita, og helseutgiftene har dermed haldt seg under terskelnivå etter at den norske modellen vart innført i 1999. I tillegg har viser figur 2 at landet også opplevd store svingingar når det kjem til helseutgiftene i denne perioden. Dødelegheitsrata blant barn under fem år har gått kraftig ned frå 192 til 116,6 frå 1999 til 2013. Men ut i frå figur 3 ser ein at barnedødelegheitsrata også i dette tilfellet er svært høg samanlikna med resten av landa, og Nigeria har den nest høgaste dødelegheitsrata blant barn under fem år i utvalet.

Kategoriseringa ovanfor viser altså at Norge, Brasil, Saudi Arabia, Russland, Malaysia og Mexico er dei landa i utvalet som gjer det best når det kjem til helse, medan Venezuela, Algerie, Angola og Nigeria er dei landa i utvalet som presterer dårleg.

#### **4.2 Uavhengig variabel**

Oppgåva sin uavhengige variabel viser til korleis landa i utvalet har administrert sin petroleumssektor, og som tidlegare nemnd har eg følgd operasjonaliseringa til Thurber m.fl.(2011) for å identifisere dette i dei ti landa. Fem av dei ti landa i utvalet har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen. Dette vil seie at det i desse fem landa har blitt etablert eit klart skilje mellom den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen. Denne tredelinga av funksjonar finn ein i Norge, Nigeria, Algerie, Mexico og Brasil.

Som nemnd i kapittel 2.2.1 har Olje- og energidepartementet det politiske ansvaret for petroleumssressursane i Norge. Den regulerande funksjonen er plassert hos Oljedirektoratet, og det nasjonale oljeselskapet Statoil utgjer den kommersielle funksjonen (Thurber m.fl.2011:5371).

I Nigeria har The Ministry of Mines and Power ein politiske funksjon, DPR (The Department of Petroleum Resources) er den regulerande institusjonen, og NNOC (the Nigerian National Oil Company) var det opphavlege nasjonale oljeselskapet. På grunn av dårlege resultat i petroleumssektoren vart DRP og NNOC slått saman i 1977 til eit nytt nasjonalt oljeselskap NNPC (The Nigerian National Petroleum Corporation). Dette seleskapet fekk då både ein kommersiell og politisk funksjon (Thurber m.fl.2011:5372). Fleire reformer har vore gjennomført for å igjen å opprette ein sjølvstending regulerande institusjon. Den regulerande funksjonen vart formelt innført på 1980-tallet, men fjerna igjen i 1998. I 1999 vart DRP igjen oppretta, og sidan dette har Nigeria hatt ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen.

Algerie innførte ein ny petroleumsslov i 2005 som førte til opprettinga av ALNAFT (the Agence National pour la Valorisation des Ressources en Hydrocarbures) som utgjer den politiske funksjonen, og ALNAFT har ansvar for å samle inn skattar og avgifter, gi ut lisensar for leiting, og godkjenne planar for utvikling. I tillegg ønska ein å overføre det regulerande ansvaret frå det nasjonale oljeselskapet Sonatrach til ein sjølvstendig statleg institusjon. Derfor vart den statlege institusjonen ARH (Autorité de Régulation des Hydrocarbures) oppretta, og ARH har fått ansvaret for å regulere den algeriske oljeindustrien (Thurber m.fl.2011:5373). I Algerie finn ein også eit klart skilje mellom den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen.

I Mexico er det energidepartementet som utgjer den politiske funksjonen innanfor petroleumssektoren. Energidepartementet har blant anna over lengre tid hatt ansvar for å regulere det nasjonale oljeselskapet Pemex, eit selskap som har ein kommersiell funksjon. I 2008 vart det likevel innført ein ny energireform som skulle bidra til auka regulerande aktivitet, og The National Hydrocarbons Commission vart oppretta som ein sjølvstendig regulerande funksjon (Thurber m.fl.2011:5372). Denne institusjonen har no ansvaret for å regulere og overvake Pemexs aktivitetar, og Mexico har dermed etablert ei tredeling av funksjonar.

Brasil er det femte landet i utvalet som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen. The Ministry of Mines and Energy har ein politisk funksjon, ANP (Agência Nacional do Petróleo, Gás Natural e Biocombustíveis) utgjer den regulerande institusjonen, medan den kommersielle funksjonen er plassert hos det nasjonale oljeselskapet Petrobras. ANP vart oppretta i 1997, og har sidan dette hatt ansvaret for å regulere dei aktivitetane som er knytta til den brasilianske oljesektoren (Thurber m.fl.2011:5372).

Malaysia, Angola, Venezuela, Saudi Arabia og Russland er dei resterande fem landa i utvalet som ikkje har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen. I Malaysia har det nasjonale oljeselskapet Petronas både ein politisk, regulerande og kommersiell funksjon. Det finns altså ikkje ein sjølvstendig politisk eller regulerande institusjon innanfor petroleumssektoren, men i staden har det blitt etablert nære relasjonar mellom Petronas og dei øvste politiske leiarane i landet (Thurber m.fl.2011: 5374).

I Angola har The Ministry of Petroleum ein politisk funksjon, og landet sine lovar viser til at dette departementet har den øvste formelle makta når det kjem til petroleumssektoren. Heller ikkje Angola har ein uavhengig regulerande institusjon, og det nasjonale oljeselskapet Sonangol har i staden derfor både ein kommersiell og regulerande funksjon. Dette vil seie at det i praksis er Sonangol som både administrerer og regulerer oljesektoren i Angola (Thurber m.fl.2011: 5373).

Når det gjeld Venezuela har oljesektoren vore dominert av det nasjonale oljeselskapet, PDSVA (Petróleos de Venezuela, S.A). Dette seleskapet har etter kvart fått stor politisk makt. Etter at PDSVA i 2003 gjennomførte fleire streikar mot nasjonale myndigheiter, blei mellom 30-40 prosent av dei tilsette sparka av president Hugo Chavez for å sikre betre politisk kontroll over PDSVA (Thurber m.fl.2011: 5372). The Ministry of the People's Power of Petroleum & Mining har den politiske funksjonen innanfor petroleumssektoren, men det finns ikkje ein sjølvstendig regulerande institusjon i Venezuela.

Petroleumssektoren i Saudi Arabia er eigentleg styrt av den regjerande kongefamilien, sjølv om The Ministry of Petroleum and Natural Resources er etablert som ein politisk institusjon. (Thurber m.fl.2011: 5374). Det nasjonale oljeselskapet Saudi Aramco har eit svært tett band til dette departementet blant anna gjennom bytte av tilsette. SCPMA (the Supreme Council on Petroleum and Mineral Affairs) skal eigentleg ha ein regulerande funksjon, men denne institusjonen har svært lite regulerande makt i praksis.<sup>4</sup> Petroleumssektoren i Saudi Arabia blir hovudsakleg styrt av den regjerande kongefamilien og deira allierte<sup>5</sup> (Thurber m.fl.2011: 5374).

I Russland har The Ministry of Industry and Energy ein politisk funksjon, medan det nasjonale oljeselskapet Gazprom er ein kommersiell institusjon. The Federal Tariff Service har også blitt etablert som ein regulerande institusjon, men Gazprom er involvert i dei avgjerslene

---

<sup>4</sup> Sjølv om SCMPA skal fungere som ein sjølvstendig regulerande institusjon, godkjenner SCAMPA alt det som styret i Saudi Aramco legg fram for dette organet. SCAMPA har aldri satt ein stoppar for Saudi Aramcos planer eller påverka nokre av det nasjonale oljeselskapets aktivitetar (Stevens 2012:187).

<sup>5</sup> Dette kan no vere under endring. Nye reformer går blant anna inn for at delar av Saudi Aramco skal børsnoterast (Havnes 2016).



som blir tatt.<sup>6</sup> Gazprom har derfor ein posisjon som gjer at selskapet i praksis regulerer seg sjølv (Thurber m.fl.2011: 5372). I Malaysia, Angola, Venezuela, Saudi Arabia og Russland finn eit altså ikkje eit klart skilje mellom den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen innanfor petroleumssektoren. Felles for Malaysia, Angola og Venezuela er at det ikkje eksisterer ein sjølvstendig regulerande institusjon, medan i Russland og Saudi Arabia blir den regulerande institusjonen overstyrt av det nasjonale oljeseleskapet. Oppgåva vil i analysedelen nedanfor undersøkje kva innverknad ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen har på fattigdomsreduksjon.

---

<sup>6</sup> The Federal Tariff Service har ansvar for å setje eit nivå for dei innanlandske gassprisane, men dette blir aldri gjort utan at Gazprom er involvert (Victor & Sayfer 2012:657).

## 5.0 Analyse

Dette kapitlet vil ta føre seg ei samanfattande analyse av oppgåva sin avhengige og uavhengige variabel. I resultatdelen vil det først bli presentert ein tabell som viser til om dei ti landa i utvalet har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen eller ikkje, og korleis landa presterer når ein ser på fattigdomsreduksjon. Deretter vil det bli drøfta om ein finn ein positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon, og om desse resultatane gir støtte til hypotesen som vart presentert i kapittel 2.2.2. Vidare vil ein diskusjonsdel vise til kva for faktorar som kan ha vore avgjerande for analysen sitt resultat, og det vil også bli vist til tre kontrollvariablar som også kan ha ein innverknad på korleis dei ti landa presterer når det gjeld fattigdomsreduksjon.

## 5.1 Resultat

Tabell 2 nedanfor viser ei oversikt over korleis dei ti landa i utvalet presterer når det kjem til fattigdomsreduksjon som er målt ut i frå helse, og om landa har ein petroleumssektoren etter den norske modellen eller ikkje. Som tidelegare forklart inneber den norske modellen ei etablering av tre uavhengige institusjonar, som separerer den politiske, regulerande og kommersielle funksjonen (Thurber m.fl.2011:5366). Tabell 2 viser at Norge har ei tredeling av funksjonar, og er samtidig det landet i utvalet som brukar mest pengar per capita på offentlege helseutgifter og har den lågaste dødelegheitsrata blant barn under fem år. Dette viser til ein positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon. Denne samanhengen finn ein også i Brasil. Brasil er eit av dei landa i utvalet som brukar mest pengar på helse, og har samtidig også hatt ein stor nedgang i barnedødelegheitsrata. Tabell 2 viser vidare at Mexico som også har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen, også presterer bra når ein ser på fattigdomsreduksjon. Algerie og Nigeria har også innført ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen, men desse to landa gjer det dårleg når ein ser på reduksjon av fattigdom. Algerie er eit av dei landa i utvalet som brukar minst pengar på offentlege helseutgifter, og har den tredje høgaste dødelegheitsrata blant barn under fem år i utvalet. Nigeria er det landet i utvalet som heilt klart brukar minst pengar på offentlege helseutgifter, og har ei svært høg barnedødelegheitsrate. Når det gjeld desse to landa, finn ein altså ingen positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon.

Land	Norsk modell (X)	Fattigdoms reduksjon (Y)	Grunngjeving
Norge	Ja	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukar mest pengar på offentlege helseutgifter.</li> <li>• Har den lågaste barnedødelegheitsrata i utvalet.</li> </ul>
Brasil	Ja	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sidan 2008 har helseutgiftene lege over terskelverdien.</li> <li>• Klar forbetringa når det kjem til barnedødelegheit</li> </ul>
Mexico	Ja	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sidan 2011 har helseutgiftene lege over terskelverdien.</li> <li>• Klar forbetring når det kjem til barnedødelegheit.</li> </ul>
Algerie	Ja	Dårleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helseutgiftene ligg under terskelverdien.</li> <li>• Har den tredje høgaste barnedødelegheitsrata i utvalet.</li> </ul>
Nigeria	Ja	Dårleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukar klart minst pengar på offentlege helseutgifter i utvalet.</li> <li>• Har den nest høgaste barnedødelegheitsrata.</li> </ul>
Saudi Arabia	Nei	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Brukar nest mest pengar på helseutgifter.</li> <li>• Barnedødelegheitsrata ligg under terskelverdien.</li> </ul>
Russland	Nei	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helseutgiftene ligg over terskelverdien.</li> <li>• Har hatt den tredje lågaste barnedødelegheitsrata i utvalet sidan 2004. .</li> </ul>
Malaysia	Nei	Bra	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helseutgiftene ligg under terskelverdien.</li> <li>• Har den nest lågaste dødelegheitsrata i utvalet.</li> </ul>
Venezuela	Nei	Dårleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Klar nedgang i offentlege helseutgifter, og ein av dei landa som brukar minst pengar på helse.</li> <li>• Barnedødelegheita ligg under terskelverdien.</li> </ul>
Angola	Nei	Dårleg	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Helseutgiftene ligg under terskelverdien.</li> <li>• Har den høgaste barnedødelegheitsrata i utvalet.</li> </ul>

**Tabell 2: Samandrag av avhengig og uavhengig variabel i dei ti landa i utvalet.**

Utvalet består også av land som ikkje har administrert sin petroleumssektor etter den norske modellen. Tabell 2 viser at blant desse landa presterer Saudi Arabia, Russland og Malaysia bra når det kjem til fattigdomsreduksjon. Saudi Arabia og Russland er to av dei landa i utvalet som brukar mest pengar på helse, samtidig som dei også har ein låg dødelegheitsrate. Malaysia er ikkje blant dei landa som har dei høgaste helseutgiftene, men landet har den nest lågaste dødelegheitsrata i utvalet. Ein finn også to land som ikkje har innført den norske modellen som presterer dårleg når ein ser på reduksjon av fattigdom. Venezuela er eit av dei

landa i utvalet som brukar klart minst pengar på helseutgifter, sjølv om landet har ein låg barnedødelegheitsrate. Angola har derimot den høgaste barnedødelegheitsrata i utvalet, og brukar svært lite pengar på offentleg helse. Desse resultatata dannar utgangspunkt for tabell 3 nedanfor. Tabellen viser til samanhengen mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon målt ut i frå helse.

<b>Fattigdomsreduksjon</b>	<b>Norsk modell</b>	<b>Ikkje norsk modell</b>
<b>Bra</b>	NOR, BRA, MEX	MAL, SAU, RUS
<b>Dårleg</b>	NIG, ALG	ANG, VEN

**Tabell 3: Samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon målt ut i frå helse.**

Ut i frå oppgåva si hypotese vart det forventa å finne at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen ville oppleve betre fattigdomsreduksjon. Denne hypotesen var basert på eit teoretisk rammeverk som viste til at den norske modellen ville sikre at kommersielle aktørar ikkje skulle ta kontroll over petroleumssektoren, og hindre at staten taper verdifulle ressursinntekter. Gjennom å sikre staten ei meir påliteleg og stabil inntektskjelde frå petroleumssektoren, vil det bidra til å styrke land si kapitalbeholdning. Den norske modellen vil dermed kunne bidra til å auke staten sine inntekter som kan brukast til å redusere fattigdom. Sidan oppgåva har brukt helse som ein indikator for å måle fattigdomsreduksjon, kan ein argumentere for at den norske modellen vil bidra til at land kan bruke meir pengar på helse. Sidan den bivariate analysen viste ein sterk samanheng mellom kor mykje pengar land brukar på helse og dødelegheitsraten blant barn under fem år, kan den norske modellen også sjåast i samanheng med lågare barnedødelegheitsrate.

Resultata i tabell 3 viser at ein finn tre land (Norge, Brasil og Mexico) med den norske modellen som gjer det bra når det gjeld fattigdomsreduksjon, men ein finn også tre land (Saudi Arabia, Malaysia og Russland) utan den norske modellen som også gjer det bra. Eit argument knytta til den norske modellen handlar om at ei tredeling av funksjonar vil hindre at det nasjonale oljeselskapet tar kontroll over viktige ressursinntekter og blir ein dominerande aktør innanfor petroleumssektoren (Thurber m.fl.2011:5368). Som nemnd i kapittel 4.2 har Malaysia eit nasjonalt oljeselskap (Petronas) som både har ein politisk, regulerande og kommersiell funksjon, medan Saudi Arabia og Russland har ein regulerande institusjon som blir overstyrt

av det nasjonale oljeselskapet. Eit svært dominerande nasjonalt oljeselskap, og mangel på kontrollmekanismer kan føre til at staten mistar kontroll over viktige ressursinntekter (Al-Kasim 2006:174). Ein kunne derfor ha forventa å finne at desse landa gjorde det dårleg når det gjeld reduksjon av fattigdom, samanlikna med dei landa som har ein norsk modell. Ut i frå tabell 3 ser ein at dette ikkje er tilfellet. Men tabell 3 viser likevel at Venezuela og Angola som ikkje har ein sjølvstendig regulerande institusjon presterer dårleg når ein ser på fattigdomsreduksjon.

I tabell 3 finn ein også at Algerie og Nigeria som har ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen også gjer det dårleg når det gjeld reduksjon av fattigdom. Ein ser altså at sjølv om ein finn ein positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon i Norge, Brasil og Mexico, finn ein også eksempel på land som har innført den norske modellen som ikkje presterer like bra. Til dømes er Nigeria det dårlegaste landet i utvalet når ein ser offentlege helseutgifter per capita, og dødelegheitsrata blant barn under fem år er svært høg samanlikna med resten av landa i utvalet. Når ein ser på helseprestasjon vart Mexico plassert i kategori 1, bra. Likevel er det viktig å presisere at Mexico er det svakaste landet i denne kategorien. Dei offentlege helseutgiftene kjem ikkje over terskelverdien på 300 dollar per capita før i 2011, og er derfor det landet i denne kategori 1 som brukar minst pengar på helseutgifter. Saudi Arabia og Russland som ikkje har den norske modellen som også hamnar i kategori 1, brukar til dømes meir pengar på helse enn Mexico. Det ser ut til at Mexico ikkje presterer like bra som dei to andre landa som har den norske modellen (Norge og Brasil) med den norske modellen når ein ser på fattigdomsreduksjon. Dette indikerer at ein ikkje finn klare resultat som viser til at land som administrert petroleumssektoren etter den norske modellen opplever betre fattigdomsreduksjon, og resultatata gjer dermed at oppgåva si hypotese heller ikkje blir bekrefta.

## **5.2 Diskusjon**

Resultata ovanfor viser altså at land med den norske modellen både presterer bra og dårleg når det gjeld reduksjon av fattigdom. Norge og Brasil er dei to landa av dei fem landa i utvalet med den norske modellen som gjer det aller best Som tidelegare nemnd har den norske modellen blant anna motverka at det nasjonale oljeselskapet Statoil har utvikla seg til ein dominerande aktør, og norske myndigheiter har sikra ein statlig kontroll over ressursinntektene (Al-Kasim 2006:180; Moses 2010:134). Analysen sitt resultat indikerer at dette kan sjåast positivt i samanheng med fattigdomsreduksjon. I Brasil førte etableringa av ANP som ein separat regulerande institusjon til at brasilianske myndigheiter fekk betre kontroll over det nasjonale

oljeselskapet og andre kommersielle aktørar. Opprettinga av den regulerande institusjonen skulle blant anna sikre auka innsyn i pengestraumane generert frå petroleumsinntektene, noko som har resultert i ei auke i dei statlige inntektene frå petroleumsverksemda (De Oliveira 2012:547). Den regulerande institusjonen ANP sørgjer også for at Petrobras og andre oljeselskap overfører bonusar, avgifter og gebyr til brasilianske myndigheiter for å delta i produksjonsaktivitetar (De Oliveira 2012: 536). Dette kan vere ei årsak til at resultatata viser ein positiv samanheng mellom den norske modellen og reduksjon av fattigdom i Brasil.

Algerie og Nigeria er derimot dei landa med den norske modellen som gjer det dårligast når ein ser på fattigdomsreduksjon. I Algerie har det nasjonale oljeselskapet, Sonatrach eit nært forhold til den politiske eliten. Dette gjer at Sonatrach har utvikla seg til ein dominerande aktør innanfor petroleumssektoren (Entelis 2012:557). I kapittel 4.2 blei det vist til at den nye petroleumslova frå 2005 førte til opprettinga av den regulerande institusjonen ARH, og ARH har mellom anna ansvaret for å regulere Sonatrach. I 2006 vart det derimot lagt til nye endringar i petroleumslova som inneber at Sonatrach framleis har ein fordel når det kjem til utdeling av lisensar, noko som tilseier at politiske aktørar enno ønskjer å oppretthalde eit sterkt nasjonalt oljeselskap (Thurber m.fl.2011:5373). Den politiske eliten i Algerie er avhengige av inntektene til Sonatrach, og vernar derfor om selskapet ved å gi det auka makt og andre privilegium (Entelis 2012:558). I følgje Entelis (2012:584) har Sonatrach utnytta det nære forholdet til den politiske eliten til si eiga fordel, noko som ikkje har vore optimalt for den algeriske økonomien generelt. Ein kan derfor stille seg kritisk til om ei tredeling av funksjonar faktisk fungerer i praksis Algerie. Som tidelegare forklart kan eit nasjonalt oljeselskap med auka politisk innflytelse få makt til å prioritere sine eigne interesser, og hindre at petroleumsinntektene kjem til nytte for befolkninga (Thurber m.fl.2011:5368). Dette kan forklare kvifor ein ikkje finn ein positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon i Algerie. Det kan likevel vere vanskeleg å seie noko sikkert om denne samanhengen sidan oppgåva tek utgangspunkt i data frå 1995 til 2013 når ein ser på fattigdomsreduksjon, og den norske modellen ikkje blei innført i Algerie før i 2005. Som tidelegare nemnd førte dårlege resultat innanfor petroleumssektoren i Nigeria til at det nasjonale oljeselskapet NNPC fekk både ein regulerande og kommersiell funksjon. I 1999 vart igjen DRP oppretta som ein separat regulerande institusjon, og har sidan dette hatt det formelle regulerande ansvaret. Likevel har det nasjonale oljeselskapet NNPC framleis nokre regulerande oppgåver i samband med forhandlingar med internasjonale oljeselskap (Thurber, Emelife & Heller 2012:716). Thurber m.fl.(2011:5373) viser til at det ikkje det har vore politisk semje om å utvikle ein fullstendig autonom regulerande funksjon i Nigeria. Det har derfor vore vanskeleg

for den regulerande institusjonen å effektivt regulere den nigerianske petroleumssektoren, og myndigheitene i Nigeria har ikkje kontroll over det nasjonale oljeselskapet. Sidan ein av oppgåvene til NNPC er å overføre inntekter frå petroleumsindustrien til nigerianske myndigheiter, har fråvær av statlig kontroll over NNPC ha bidrege til tap av viktige ressursinntekter (Thurber, Emelife & Heller 2012:703). Dette kan vere ei forklaring på at den norske modellen ikkje kan sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon i Nigeria.

I kapittel 2.2.1 vart det forklart at den norske modellen skal sørgje for ei maktbalanse mellom dei tre ulike institusjonane. Eit viktig prinsipp ved den norske modellen viser til at dei tre institusjonane ikkje berre skal oppretthalde kvar sin funksjon, men modellen skal også hindre at ingen av dei tre institusjonane skal bli for dominerande. Det ser ut som at dette prinsippet manglar når ein ser på korleis den norske modellen har fungert i Algerie og Nigeria. Myndigheitne i desse to landa manglar ein effektiv kontrollmekanisme som kan overvake det nasjonale oljeselskapet, noko som har ført til tapte ressursinntekter. Dette er ein faktor som kan vere med på å forklare kvifor den norske modellen ikkje kan sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon i Algerie og Nigeria. Det er derimot samstundes viktig å påpeike at Saudi Arabia og Russland er to land utan ein norsk modell, og som også har eit dominerande oljeselskap. Resultata ovanfor viser at desse to landa likevel presterer bra når ein ser på fattigdomsreduksjon. Årsaka til dette kan vere at den politiske eliten i både Saudi Arabia og Russland har ei høg grad av statlig kontroll over det nasjonale oljeselskapet. Saudi Arabia har etablert eit lukka administrasjonssystem som gjer at staten enklare kan overvake det nasjonale seleskapet, samtidig som at staten også har kontroll over dei inntektene som genererast frå petroleumsindustrien (Stevens 2012:186). Etter at Putin kom til makta i Russland i 2000, har den statlege kontrollen over Gazprom auka fordi myndigheitene ønska å sikre seg aukande inntekter frå gassektoren (Victor & Sayfer 2012: 665). Samstundes finn ein likevel også at Venezuela og Angola som ikkje har ein sjølvstendig regulerande funksjon, men som har eit dominerande nasjonalt oljeselskap er to av dei dårlegaste landa i utvalet når ein ser på reduksjon av fattigdom. Dette tyder på at det er vanskeleg å identifisere ein konkret årssakssamanheng mellom statleg administrering av petroleumssektoren og fattigdomsreduksjon.

Ein annan faktor som kan påverke resultata ovanfor, er at dei fem landa i utvalet som har den norske modellen har innført denne forvaltningsmodellen på ulike tidspunkt. Norge har hatt denne modellen heilt sidan Statoil vart oppretta i 1972, medan Brasil innførte ei tredeling av funksjonar då den regulerande institusjonen ANP vart etablert i 1997 (Thurber m.fl.2011: 5371-5372). Nigeria har eigentleg administrert petroleumssektoren etter den norske modellen heilt sidan 1971, men myndigheitene har fleire gonger avvikla den regulerande funksjonen. I

1999 fekk DRP det formelle regulerande ansvaret, og sidan den gong har Nigeria hatt ein norsk modell (Thurber m.fl.2011:5372). Algerie innførte den norske modellen i 2005, medan Mexico gjorde det same i 2008 (Thurber m.fl.2011:5371-5372). Sidan oppgåva ser på dei offentlege helseutgiftene og dødelegheitsrata blant barn under fem år i tidsperioden 1995 til 2013, kan det som tidelegare nemnd vere for tideleg å seie noko om kva innverknad den norske modellen har på fattigdomsreduksjon i Algerie og Mexico. Ein ser likevel at helseutgiftene i Algerie har auka frå 69 dollar per capita i 2006 til 233 i 2013, medan barnedødelegheitsrata har gått ned frå 32,1 i 2006 til 25,8 i 2013. I Mexico har helseutgiftene auka frå 281 dollar per capita i 2008 til 344 dollar i 2013, og barnedødelegheitsrata har tilsvarande gått ned frå 17,4 til 14,4 i same tidsperiode. Sjølv om både Algerie og Mexico har opplevd ei framgang når ein ser på offentlege helseutgifter og barnedødelegheitsraten etter at det blei innført ei tredeling av funksjonar, vil det sjølvstøtt vere problematisk å hevde at dette eine og åleine skuldast innføringa av den norske modellen. Datamaterialet viser ein klar skilnad i forbetring når ein ser på helseutgiftene og barnedødelegheitsrata før og etter at den norske modellen blei etablert i Algerie, men denne skilnaden er ikkje like klar i Mexico.

Oppgåvas analyse forsøker å gi eit svar på kva innverknad den norske modellen for petroleumsforvaltning har på fattigdomsreduksjon. Som tidelegare nemnd vil analysen likevel ikkje kunne etablere ein klar kausalmekanisme mellom den statlege administreringa av petroleumssektoren og fattigdomsreduksjon. Sidan utvalet mitt består av ti land vil det vere fleire komplekse årsakssamanhengar innanfor kvar enkelt case som kan få ein innverknad på reduksjon av fattigdom. Landa i utvalet vil derfor mest sannsynleg også variere når ein ser på andre variablar som påverkar fattigdomsreduksjon. Denne oppgåva viser til korleis eit institusjonelt rammeverk kan ha ein innverknad på reduksjon av fattigdom, og tidelegare litteratur har peikt på demokrati som ein viktig variabel i denne samanhengen. Dei ti landa i utvalet representerer også ein variasjon når ein ser nærare på deira politiske regime. Demokratiske regimer som har eit vel fungerande partisystem og sivile rettar vil ha gode føresetnader for å kunne redusere fattigdom (Banik 2006b:76). I demokratiske land kan fattige leggje press på regjeringas økonomiske politikk for å styrkje sine interesser (Varshney 1999:4). Dette skjer gjennom politisk mobilisering og stemmegjeving (Sen 1999:151). Den politiske eliten vil oppleve eit press nedanifrå til å gjennomføre politikk som kjem befolkninga til gode. Fråvær av politiske konkurranse gjer at denne mekanismen ikkje finns i autoritære regimer (Varshney 1999:4). Dersom ein ser på det politiske regimet til dei landa som hamna i kategori 1(bra) ut i frå fattigdomsreduksjon, blir regima i Norge, Brasil, Mexico og Malaysia definert



som demokratiske<sup>7</sup> (Polity IV 2016). Dei landa som hamna i kategori 2 (dårleg) er Algerie, Nigeria, Venezuela og Angola.<sup>8</sup> Desse landa har eit politisk regime som blir karakterisert som eit *anocracy*, og denne type regimer har både har demokratiske og autoritære trekk (Marshall & Cole 2014:21). Slike regimer kjenneteiknast av at den politiske eliten og politiske institusjonar ikkje klarar å gjennomføre grunnleggjande politiske oppgåver. I tillegg kan slike regimer også vere ustabile og vere meir utsatt for konflikt (Marshall & Cole 2014:21). Det politiske regimet kan derfor vere ein annan variabel som kan ha påverka den svake fattigdomsreduksjonen i Algerie, Nigeria, Venezuela og Angola. Ein finn likevel at Saudi Arabia som har eit autoritært styre, og Russland som også har eit politiske regime som blir definert som eit *anocracy* hamnar i kategori 1 (bra). Litteraturen gir heller ikkje noko konkret svar på om det er demokratiske eller autoritære regimer som har den mest optimale påverknaden på fattigdomsreduksjon (Banik 2006b:66). I følgje Edigehji (2010:8-9) vil likevel autoritære regimer mangle ein politisk kapasitet som legg til rette for openheit og politisk ansvarlegheit, noko som fører til at den økonomiske utviklinga i autoritære regimer vil vere ustabil over tid.

Oppgåva sin teoridel viser til i kapittel 2.1.2 at kvalitet på institusjonar kan vere avgjerande for å land sine økonomiske resultat (North 1991; Olson 1996; Acemoglu & Robinson 2013). Korrupsjon er eit mål på institusjonell kvalitet, og tidelgare litteratur hevdar at korrupsjon kan få ein innverknad på fattigdomsreduksjon (Blackburn, Bose, Haque 2006; Adit 2009). Ein finn eit varierende korrupsjonsnivå blant landa i utvalet. Korrupsjonsindeksen frå The Worldwide Governance Indicators (WGI 2015)<sup>9</sup> viser at Norge og Malaysia er dei to landa i utvalet som har det lågaste korrupsjonsnivået, og desse landa hamna også i kategori 1 (bra) ut i frå reduksjon av fattigdom. Nigeria, Angola, Venezuela og Russland er dei landa i utvalet har den høgaste førekomst av korrupsjon. Samtidig er Nigeria, Angola og Venezuela blant dei landa ei utvalet som også gjer det dårlegast når ein ser på fattigdomsreduksjon. Brasil, Saudi Arabia, Mexico og Algerie har også ein negativ korrupsjonsscore, men nivået av

---

<sup>7</sup> Polity IV måler kor autoritært eller demokratisk eit regime er frå -10 til +10. Statar som får ein score frå +6 til +10 blir definert som demokrati, medan statar med ein score frå -6 til -10 definerast som autokrati. Regimer med ein score frå -5 til +5 har både autoritære og demokratiske kjenneteikn (Marshall m.fl.2016). Datasettet viser ein regimescore for land frå 1800 til 2015. Eg har tatt utgangspunkt i tidsperioden frå 1995 til 2013.

<sup>8</sup> Algeries regimescore går frå -3 i 1995 til +2 i 2013. Nigerias regimescore går frå -8 i 1995 til +4 i 2013. Venezuelas regimescore gjekk først frå +8 i 1995 til -3 i 2012, medan i 2013 viser scoren +4. Regimescoren i Angola har hatt verdien -3 og -2 gjennom heile tidsperioden.

<sup>9</sup> Denne korrupsjonsindeksen er basert på eit estimat som går frå -2,5 (Svak) til 2,5 (sterk). Indeksen måler ei oppfatning om det blir utøva korrupsjon innanfor statlege institusjonar. Negative verdiar indikerer ei høg førekomst av korrupsjon. Eg har tatt utgangspunkt i tidsperioden frå 1996 til 2013 (Kaufmann, Kraay & Mastruzzi 2010).

korrupsjon er lågare enn det ein finn i Nigeria, Angola, Russland og Venezuela.<sup>10</sup> Systematisk korrupsjon innanfor statlege institusjonar kan føre til at statlege inntekter blir misbrukt. Myndigheitene vil ha mindre pengar til å finansiere offentlege godar som til dømes helse (Gupta, Davoodi & Tingson 2002:113). I følge Gupta m.fl.(2002:132) er dette årsaka til at dei finn at høge nivå av korrupsjon har ein negativ innverknad på dødelegheitsrata blant spedborn. Høg førekomst av korrupsjon kan svekkje kvaliteten på offentlege tenester, noko som kan forklare kvifor Venezuela, Algerie, Nigeria og Angola hamnar i kategori 2 (dårleg) når ein ser på fattigdomsreduksjon. Korrupsjon er dermed ein annan variabel som også kan ha hatt innverknad på analysen sitt resultat.

Nokre av landa har vore råka av borgarkrig mellom 1995 til 2013, ein tidsperiode som legg grunnlaget for oppgåva si analyse. Angola har hatt ein omfattande borgarkrig som på gjekk frå 1975 til 2002, medan borgarkrigen i Algerie varte frå 1991 til 2002 (Lowi 2005:221; Pearce 2015:22). Angola og Algerie er to av dei landa i utvalet som presterer dårlegast når det gjeld fattigdomsreduksjon. Årsaka til dette kan vere at denne type væpna konflikter ofte vert rekna som svært øydeleggjande for eit land. Borgarkrig kan blant anna skade vatn og matforsyningar, og øydeleggje viktig infrastruktur og helsetenester (Collier 2007:27-28). Land som er ramma av borgarkrig vil også bruke meir pengar på militære formål, og dette kan lede til at det blir brukt mindre pengar på til dømes helse (Collier, Elliot, Hegre, Hoeffler, Reynal-Querol & Sambanis 2003:14). Borgarkrig vil også ha ein negativ innverknad på dødelegheitsrata på grunn av infeksjonssjukdommar. Krig vil og lett føre til at fleire menneske blir drepne (Collier m.fl.2003:23). Konflikt kan derfor også vere ein annan variabel som kan forklare kvifor Algerie og Angola gjer det dårleg når ein ser på fattigdomsreduksjon.

Nigeria og Angola er dei landa i utvalet som gjer det klart dårlegast når ein ser på fattigdomsreduksjon målt ut i frå offentlege helseutgifter per capita og dødelegheitsraten blant barn under fem år. Dersom ein tek utgangspunkt i dei tre kontrollvariablane ovanfor ser ein at desse to landa heller ikkje har eit demokratisk regime og dei statlege institusjonane er prega av eit høgt korrupsjonsnivå. Angola har også vore råka av borgarkrig i innanfor den tidsperioden som dannar utgangspunkt for oppgåva si analyse. Desse variablane kan også vere ein medverkande årsak til den svake fattigdomsreduksjonen i desse to landa. Eit anna viktig poeng er at Nigeria har ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen, medan Angola ikkje har ein sjølvstendig regulerande institusjon. Som nemnd i kapittel 4.2 har det nasjonale oljeseleskapet i Angola både ein regulerande og kommersiell funksjon. Oppgåva sitt teoretiske

---

<sup>10</sup> Brasil, Saudi Arabia, Mexico og Algerie har verdiar som går frå -0,00 til -1,00 frå 1996 til 2013, medan Nigeria, Angola, Venezuela og Russland har verdiar som går frå -1,0 til -2,0 i den same tidsperioden.

rammeverk la vekt på at mangel på ein sjølvstendig regulerande institusjon kan føre til at staten mistar kontroll over det nasjonale oljeseleskapet, noko som kan føre til tap av viktige ressursrenter som kunne ha bli brukt på fattigdomsreduksjon. Trass i dette gjer Nigeria det like dårleg som Angola når det kjem til reduksjon av fattigdom.

Dersom ein då ser nærare på dei fem landa i utvalet som har den norske modellen, ser ein ut i frå tabell 3 at Norge, Brasil og Mexico er dei landa som også presterer bra når det gjeld fattigdomsreduksjon. Ut i frå dei tre kontrollvariablane demokrati, korrupsjon og konflikt ser ein at Norge har eit demokratisk regime, har eit låg korrupsjonsnivå og har ikkje hatt ei intern valdeleg konflikt. Dette gjeld også for Brasil og Mexico, bortsett frå at desse to landa har eit høgare korrupsjonsnivå enn det ein finn i Norge. Algerie og Nigeria har også ein norsk modell, men i desse to landa kan ikkje denne modellen sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon. Ser ein nærare på kontrollvariablane ovanfor, viser desse variablane at desse to landa har eit utstabilt regimet med politiske institusjonar som slit med å gjennomføre politikk. Samtidig har desse to landa også ein høg førekomst av korrupsjon, der Nigeria har eit litt høgare korrupsjonsnivå enn Algerie. I tillegg har Algerie også blitt råka av borgarkrig. Det kan vere at dei tre kontrollvariablane ikkje berre har ein innverknad på den avhengige variabelen (fattigdomsreduksjon), men at dei i dette tilfellet også kan ha ein innverknad på den uavhengige variabelen (den norske modellen). Som nemnd ovanfor har den norske modellen ikkje klart å leggje til rette for statlig kontroll over petroleumssektoren i Algerie og Nigeria. I Algerie har det nasjonale oljeseleskapet utnytta sin politiske posisjon til si eiga fordel, noko som kan ha bidrege til at staten ikkje har utnytta ressursinntektene optimalt. Nigeria har mista den statlige kontrollen over det nasjonale oljeselskapet, som mellom anna har ansvar for å overføre ressursinntekter til nigerianske myndigheiter. Dette kan vere ein avgjerande faktor for at den norske modellen i Algerie og Nigeria ikkje har bidrege til betra fattigdomsreduksjon. Ei tredeling av funksjonar etter den norske modellen skal eigentleg sikre statleg kontroll over kommersielle aktørar, og hindre tap av verdifulle petroleumsinntekter. Sidan kontrollvariablane viser til ustabile politiske regimer og høg grad av korrupsjon kan dette indikere ein generell svak institusjonell kontekst i Algerie og Nigeria. Dette kan forklare kvifor den norske modellen ikkje fungerer optimalt i desse to landa. Dette funnet støttar Grindle (2004:526) som argumenterer for at land sin interne kontekst er påverkar samanhengen mellom institusjonar og fattigdomsreduksjon. Dette gjeld spesielt når land skal vurdere å innføre institusjonelle reformer som har fungert for andre. Ein må vurdere om desse reformene er mogleg å gjennomføre og om dei vil fungere i ein annan kontekst (Grindle 2007:561). Mine funn stemmer også overeins med studien til Thurber m.fl. (2011), som finn at den institusjonelle konteksten i

landet er avgjerande for om den norske modellen vil få ein innverknad på betre resultat i oljesektoren. Dette kom til syne i Norge, der ein over lang tid har hatt eit kompetent og utvikla byråkrati som har bidrege til at den norske modellen har resultert i gode resultat i oljesektoren. Brasil har også bygd opp ein viss institusjonell kapasitet som har vore avgjerande for at den norske modellen har bidrege til betre resultat også her (Thurber m.fl. 2011: 5376). Det ser ut til at dette også gjeld for samanhengen mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon.

Analysen sine resultat og diskusjonen ovanfor finn altså inga støtte til oppgåva si hypotese som viser til at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen vil oppleve betre fattigdomsreduksjon. I utvalet av land representerer Norge, Brasil og Mexico ein positiv samanheng mellom den norske modellen, medan denne samanhengen ikkje gjeld for Algerie og Nigeria. Resultata viser også at ein finn tre andre land i utvalet (Saudi Arabia, Russland og Malaysia) som ikkje har innført den norske modellen, men som likevel også presterer bra når ein ser på reduksjon av fattigdom.<sup>11</sup> Det finns derfor ingen klare indikasjonar på at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen opplever betre fattigdomsreduksjon. Svaret på problemstillinga vil derfor vere at den norske modellen ikkje ser ut til å ha ein klar innverknad på fattigdomsreduksjon. Om ein ser nærmare på gruppa av land som har den norske modellen kan ein likevel sjå skilnader på kor godt denne modellen fungerer. I Norge og Brasil har ei tredeling ført til auka ressursinntekter gjennom å sikre betre statleg kontroll over petroleumssektoren, medan den norske modellen i Algerie og Nigeria ikkje har bidrege til dette. Ut i frå dei tre kontrollvariablane demokrati, korrupsjon og konflikt viser analysen til at den generelle institusjonelle konteksten vil vere avgjerande for om den norske modellen vil hindre tap av verdifulle ressursinntekter. For at den norske modellen skal sjåast i samanheng med betre fattigdomsreduksjon, er land avhengige av at denne forvaltningsmodellen fungerer optimalt.

---

<sup>11</sup> Ei årsak til dette kan være at landa som havnar i kategori 1 (bra) ut i frå helse, er rikare enn dei landa som havnar i kategori 2 (dårleg). Algeria, Angola og Nigeria har ein lågare BNP per capita enn dei landa som gjer det bra (WDI 2016).



## 6.0 Konklusjon

Petroleumsressursar kan vere kjelde til auka inntekter for ein stat, og spesielt i utviklingsland vil slike ressursar gi ein moglegheit til å kunne redusere fattigdom. Likevel viser tidelegare forskning at petroleumsrike land ofte har ein svakare økonomisk utvikling enn land som ikkje har tilgang på slike ressursar (Humphreys m.fl. 2007). Dette viser at det kan vere utfordrande for eit land å handtere auke ressursinntekter. I denne samanhengen har Norge vist seg som eit døme på eit land som har takla desse utfordringane, og den norske modellen for petroleumsforvaltning blir gitt mykje av æra for dette (Collins 2003, Al-Kasim 2006, Nore 2009). Den norske modellen inneber ei oppretting av tre separate institusjonar som har ein politisk, regulerande og kommersiell funksjon. Svært få studiar har undersøkt kva konsekvensar ei slik tredeling av funksjonar får for statar som har ein slik forvaltningsmodell. Denne studien har derfor undersøkt kva innverknad den norske modellen for petroleumsforvaltning har på fattigdomsreduksjon. Det teoretiske rammeverket la grunnlaget for ei hypotese som forventa at den empiriske analysen ville finne at land som har innført den norske modellen vil oppleve betre fattigdomsreduksjon enn land som ikkje har denne modellen. Den norske modellen vil leggje til rette for statlig kontroll over petroleumssektoren, noko som vil hindre tap av verdifulle ressursinntekter. Dette vil auke staten sine inntekter som kan brukast til å redusere fattigdom.

Ved hjelp av ein komparativ casestudie av ti land vart denne hypotesen testa. Helse vart nytta som ein indikator for å måle fattigdomsreduksjon. Resultata av analysen viser ingen klare indikasjonar på at land som har administrert petroleumssektoren etter den norske modellen opplever betre reduksjon av fattigdom. Studien vil derfor konkludere med at den norske modellen for petroleumsforvaltning ikkje ser ut til å ha ein klar innverknad på fattigdomsreduksjon. Ser ein nærare på dei landa i utvalet som har den norske modellen, blir det likevel tydeleg at den generelle institusjonelle konteksten i landet spelar ein rolle for om den norske modellen kan sjåast i samanheng med betre reduksjon av fattigdom.

Det er likevel viktig å presisere at dei metodiske vala som har blitt tatt i denne studien har hatt mykje å seie for dei resultata som har blitt presentert. I ein komparativ casestudie av ti land vil det vere fleire komplekse årssaksamanhengar som har innverknad på det fenomenet ein ønskjer å studere. Ein utvalstorleik på ti case gjer at utvalet er for lite til at ein kan ta i bruk statistiske analysemetodar som kan teste samanhengen mellom statleg administrering av petroleumssektoren og fattigdomsreduksjon. For ei meir systematisk testing av denne samanhengen kan det derfor vere aktuelt for framtidig forskning å nytte seg av Charles Ragins Qualitative Comparative Analysis (QCA) (Moses & Knutsen 2012:97). Denne metoden kan gjere det enklare å gjennomføre ei samanfattande analyse av dikotome og kontinuerlege

variablar, som har vore ei utfordring i denne studien. Det var til dømes vanskeleg å setje ein terskelverdi for dei to variablane offentlege helseutgifter per capita og dødelegheitsrata blant barn under fem år. Kor eg sette denne terskelverdien fekk mykje å seie for vurderinga av korleis landa i utvalet presterte når det kom til fattigdomsreduksjon. Det kan også vere aktuelt å ta i bruk ein casestudie av eit einskild land. Ved å undersøkje til dømes Norge eller Brasil der det ser ut til å vere ein positiv samanheng mellom den norske modellen og fattigdomsreduksjon, vil årsaka til dette kunne komme tydelegare fram. Ein slik type studie vil kanskje også gi eit svar på om kvifor oljeinntekter blei brukt til å redusere fattigdom. Sidan denne studien berre har brukt helse som eit mål på fattigdomsreduksjon, kan det også vere aktuelt for framtidig forskning å nytte seg av fleire indikatorar for å måle dette omgrepet. Eit døme på ein slik indikatorar kan til dømes vere utdanning. Satsing på utdanning kan også vere avgjerande for å kunne redusere fattigdom. Å undersøkje samanhengen mellom den norske modellen og fleire indikatorar som eit mål på fattigdomsreduksjon kan gi ein meir heilskaplig forståing av denne mekanismen. Til tross for dei metodiske svakheitene i denne studien, har eg prøvd å bidra til betre kjennskap og forståing om korleis statleg administrering av petroleumssektoren kan få ein innverknad på reduksjon av fattigdom. Sidan fleire utviklingsland har tilgang på petroleumsressursar vil det vere naudsynt med kunnskap om dette. Dette kan bidra til at desse landa veit korleis dei kan etablere eit forvaltningssystem som sørgjer for betre fattigdomsreduksjon.

## Kjeldeliste

- Acemoglu, Daron & James A. Robinson (2013). *Why nations fail. The Origins of Power, Prosperity, and Poverty*. London: Profile Books.
- Adit (2009). "Corruption, institutions and economic development." *Oxford Review of Economic Policy* 25(2): 271-291.
- Al-Kasim, Farouk (2006). *Managing Petroleum Resources: The 'Norwegian Model' in a Broad Perspective*. Oxford: Oxford Institute for Energy Studies.
- Al-Kasim, Farouk, Tina Søreide & Aled Williams (2008). *Grand Corruption in the Regulation of Oil*. Bergen: Chr. Michelsen Institute (U4 Issue Paper).
- Anand, Sudhir & Amartya Sen (1997). "Concepts of Human Development and Poverty: A Multidimensional Perspective." i *Human development Papers 1997: Poverty and Human development*. New York: United Nations Development Programme, ss. 1-19.
- Auty, Richard M. (1993). *Sustaining Development in Mineral Economies: The Resource Curse Thesis*. London: Routledge.
- Auty, Richard M. (2000). "How Natural Resources Affect Economic Development". *Development Policy Review* 18: 347-364.
- Baker III Institute (2007). "The Changing Role of National Oil Companies in International Energy Markets." James A. Baker III Institute for Public Policy. Henta 15.04.16 frå [http://bakerinstitute.org/media/files/Research/5be0c5c4/BI\\_PolicyReport\\_35.pdf](http://bakerinstitute.org/media/files/Research/5be0c5c4/BI_PolicyReport_35.pdf)
- Banik, Dan (2006a). "Introduction." i Dan Banik, red. *Poverty, Politics and Development*. Bergen: Fagbokforlaget, ss. 9-21.
- Banik, Dan (2006b). "Democracy, Development and Poverty: Past Experience and Future Prospects." i Dan Banik, red. *Poverty, Politics and Development*. Bergen: Fagbokforlaget, ss. 53-78.
- Bannister, Geoffrey J. & Kamau Thgge (2001). "International Trade and Poverty Alleviation." *IMF Working Paper* WP/01/54.
- Barro, Robert J. (1991). "Economic Growth in a Cross-Section of Countries." *The Quarterly Journal of Economics* 106(2): 407-443.
- Bhagwati, Jagdish & T.N Srinivasan (2002). "Trade and Poverty in the Poor Countries." *The American Economic Review* 92(2): 180-183.
- Birdsall, Nancy, Dani Rodrik & Arvind Subramanian (2005). "How to Help Poor Countries." *Foreign Affairs* 84(4): 136-152.
- Blackburn, Keith, Niloy Bose & M. Emranul Haque (2006). "The incidence and persistence of corruption in economic development." *Journal of Economic Dynamics & Control* 30: 2447:2467.
- Boscheck, Ralf (2007). "The governance of oil supply: an institutional perspective on NOC control and the questions it poses." *International Journal of Energy Sector Management*. 1(4): 366-389.
- Bull, Benedicte (2006). "Development Theory Revisited." i Dan Banik, red. *Poverty Politics and Development*. Bergen: Fagbokforlaget, ss. 28-50.
- Bush, Ray (2007). *Poverty and Neoliberalism. Persistence and Reproduction in the Global South*. London: Pluto Press. New York: Oxford University Press.
- Collier, Paul (2007). *The Bottom Billion: Why the Poorest Countries Are Failing and What Can Be Done About it*. New York: Oxford University Press.



- Collier, Paul, Lani Elliot, Håvard Hegre, Anke Hoeffler, Marta Reynal-Querol & Nicolas Sambanis (2003). *Breaking the Conflict Trap: Civil War and Development Policy*. Washington DC: World Bank & Oxford University Press.
- Collier, Paul & Benedict Goderis (2012). "Commodity Prices and Growth: An empirical Investigation." *European Economic Review* 56(6): 1241-1260.
- Collier, Paul & Anke Hoeffler (2004). "Greed and Grievance to Civil War". *Oxford Economic Papers*. 54(4): 563-595.
- Collins, Tom (2003). "NOC Reform: Restructuring, Commercialization and Privatization." World Bank National Oil Companies Workshop, Current Roles & Future Prospects. 27. 05. Henta 10.04.16 frå <http://siteresources.worldbank.org/INTOGMC/Resources/NOCReformCollins.pdf>.
- Craig, David & Doug Porter (2006). *Development Beyond Neoliberalism? Governance, poverty reduction, and political economy*. New York: Routledge.
- De Oliveira, Adilson (2012). "Brazil's Petrobras: strategy and performance." i David G. Victor, David R.Hults & Mark Thurber, red. *Oil and Governance. State-owned Enterprises and the World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press, ss. 515-556.
- de Soysa, Indra & Erik Neumayer (2007). "Resources Wealth and the Risk of Civil War Onset: Results from a New Dataset of Natural Resource Rent, 1970-1999." *Conflict Management and Peace Science*. 24(3): 201-218.
- Dollar, David & Aart Kraay (2004). "Trade, Growth and Poverty." *The Economic Journal* 114(493): F22-F49.
- Edigheji, Omano (2007). *The State, State-Society Relations and Developing Countries' Economic Performance*. Doktorgradsavhandling. Trondheim: Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.
- Edigheji, Omano (2010). "Constructing a democratic developmental state in South Africa: potentials and challenges" i Omano Edigheji, red. *Constructing a Democratic Developmental State in South Africa: Potentials and Challenges*. Cape Town: Human Sciences Research Council Press, ss. 1-36.
- Entelis, John P. (2012). "Sonatrach: the political economy of an Algerian state institution." i David G. Victor, David R.Hults & Mark Thurber, red. *Oil and Governance. State-owned Enterprises and the World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press, ss. 557-598.
- Evans, Peter (1995). *Embedded Autonomy*. Princeton: Princeton University Press.
- Evans, Peter (2010) "Constructing the 21<sup>st</sup> century developmental state: potentials and pitfalls." i Omano Edigheji, red. *Constructing a Democratic Developmental State in South Africa: Potentials and Challenges*. Cape Town: Human Sciences Research Council Press, ss.37-81.
- Evans, Peter & James E. Rauch (1999). "Bureaucracy and Growth: A Cross-National Analysis of the Effects of "Weberian" State Structures on Economic Growth." *American Sociological Review* 64(5): 748-765.
- Fearon, James D. (2005). "Primary Commodities and Civil War." *Journal of Conflict Resolution* 49(4):483-507.

- Frank, Andre Gunder (2014). "The Development of Underdevelopment." i Mitchell A. Seligson & John T Passé-Smith, red. *Development and Underdevelopment. The Political Economy of Global Inequality*. London: Lynne Rienner Publishers, pp 283-295.
- Goedhart, Theo, Victor Halberstadt, Arie Kapetyn & Barnard van Praag (1977). "The Poverty Line: Concept and Measurement." *The Journal of Human Resources* 12 (4): 503-520.
- Grindle, Merilee S. (2004). "Good Enough Governance: Poverty Reduction and Reform in Developing Countries." *Governance: An International Journal of Policy, Administration, and Institutions* 17(4): 525-548.
- Grindle, Merilee S. (2007). "Good Enough Governance Revisited." *Development Policy Review* 25(5): 553-574.
- Gupta, Sanjeev, Hamid R. Davoodi & Erwin R. Tiongson (2002). "Corruption and the Provision of Health Care and Educational Services." in Abed, George & Sanjeev Gupta, eds. *Governance, Corruption & Economic Performance*. Washington D.C.: International Monetary Fund, ss. 245-279.
- Hancké, Bob (2009). *Intelligent Research Design, a guide for beginning researchers in the social sciences*. Oxford: Oxford University Press.
- Havnes, Heljar (2016). "Saudi Arabia vil gjøre "tidenes største" børsnotering." *Dagens næringsliv*. 25.04. Henta 02.06.16 frå <http://www.dn.no/nyheter/utenriks/2016/04/25/1413/SaudiArabia/saudiarabia-vil-gjre-tidenes-strste-brsnotering>
- Henderson, Jeffery (2005). "Governing Growth and Inequality: The Continuing Relevance of Strategic Economic Planning." i Richard P.Appelbaum & William I. Robinson, red. *Critical Globalization Studies*. New York: Routledge, ss. 227-236.
- Heo, Uk & Karl DeRouen Jr. (2002). "Modernization and dependency revisited: U.S direct investment, development and polity in Latin America, 1950-1998." *Global Economic Review* 31 (3): 67-93.
- Hopper, Paul (2012). *Understanding Development*. Cambridge: Polity Press.
- Humphreys, Macartan, Jefferey D. Sachs & Joseph E. Stiglitz (2007). "Introduction. What is the Problem with Natural Resource Wealth?" i Macartan Humphreys, Jefferey Sachs & Joseph E. Stiglitz, red. *Escaping the Resource Curse*. New York: Colombia University Press, ss. 1-20.
- Ike, Chidi Basil & Hyunjung Lee (2014). "Measurement of the efficiency and productivity of national oil companies and its determinants." *Geosystem Engineering* 17(1): 1-10.
- Kaufmann, Daniel, Aart Kraay & Massimo Mastruzzi (2010). "The Worldwide Governance Indicators: A Summary of Methodology, Data & Analytical Issues" *World Bank Policy Research Working Paper No. 5430*.
- Knack, Stephen & Philip Keefer (2003). "Institutions and Economic Performance: Cross-Country Tests Using Alternative International Measures." i Stephen Knack, red. *Democracy, Governance, and Growth*. Ann Arbor: The University of Michigan Press.
- Leite, Carlos & Jens Weidmann (2002). "Does Mother Nature Corrupt? Natural Resources, Corruption & Economic Growth." i George T.Abed & Sanjev Gupta, red. *Governance, Corruption & Economic Performance*. Washington D.C: International Monetary Fund, ss. 159-196.
- López- Casanovas, Gullem, Berta Rivera & Luis Currais (2005). "Introduction: The Role Health Plays in Economic Growth." i Gullem López- Casanovas, Berta Rivera & Luis



- Currais, red. *Health & Economic Growth.. Findings and Policy Implications*. Cambridge: MIT Press, ss. 1-17.
- Lowi, Miriam R. (2005). "Algeria, 1992-2002: Anatomy of Civil War." i Paul Collier & Nicolas Sambanis, red. *Understanding Civil War. Evidences and Analysis. Volume 1: Africa*. Washington D. C.: The International Bank for Reconstruction and Development/ The World Bank, ss. 221-246.
- Mahdavi, Passha (2014). "Why do leaders nationalize the oil industry? The politics of resource expropriations." *Energy Policy* 75: 228-242.
- Marshall, Monty G. & Benjamin R. Cole (2014). *Global report 2014. Conflict, Governance and State Fragility*. Vienna V.A: Center for Systemic Peace.
- Mehlum, Halvor, Karl Moene & Ragnar Torvik (2006). "Institutions and The Resource Curse." *The Economic Journal* 116(1): 1-20.
- Moses, Jonathon W. (2010). "Foiling the Resources Curse: Wealth, Equality, Oil and the Norwegian State" i Omano Edigheji, red. *Constructing a Democratic Developmental State in South Africa: Potentials and Challenges*. Cape Town: Human Science Research Council Press, ss. 126-145.
- Moses, Jonathon W. & Torbjørn L. Knutsen (2012). *Ways of Knowing. Competing Methodologies in Social and Political Research* (Second edition). New York: Palgrave Macmillan.
- Moses, Jonathon W. & Bjørn Letnes (forthcoming a). "Introduction." i *Transforming Resource Wealth into National Wealth: The Norwegian Model. Maintaining International Competitiveness*. Trondheim: Oxford University Press 2016.
- Moses, Jonathon W. & Bjørn Letnes (forthcoming b). "Maintaining International Competitiveness." i *Transforming Resource Wealth into National Wealth: The Norwegian Model. Maintaining International Competitiveness*. Trondheim: Oxford University Press 2016.
- Moses, Jonathon W. & Bjørn Letnes (forthcoming c). "The Norwegian Petroleum Administration." i *Transforming Resource Wealth into National Wealth: The Norwegian Model. Maintaining International Competitiveness*. Trondheim: Oxford University Press 2016.
- Moses, Jonathan, Benoît Rihoux & Bernhard Kittel (2005). "Mapping Political Methodology: Reflections on a European Perspective." *European Political Science* 4(1): 55-68.
- Murray, Sally (2006). "Poverty and Health." *Canadian Medical Association Journal* 173: 923.
- Nafziger, E. Wayne, ed. (2012). *Economic Development* (fifth edition) . New York: Cambridge University Press.
- Norad (2015). *The Oil for Development Programme. Annual Report 2014*. Henta 21.04.16 frå <https://www.norad.no/globalassets/publikasjoner-2015-/oil-for-development-annual-report-2015.pdf>
- Nore, Petter (2009). "Oil for Development – OfD." Presentation to the World Bank, 03.03. Henta 10.04.16 frå [http://siteresources.worldbank.org/EXTOGMC/Resources/336929-1237387264558/5930373-1237387327980/nore\\_eiti++.pdf](http://siteresources.worldbank.org/EXTOGMC/Resources/336929-1237387264558/5930373-1237387327980/nore_eiti++.pdf).
- North, Douglas (1991). "Institutions." *The Journal of Economic Perspectives* 5:97-112.
- Norton, Seth W. (1998). "Poverty, Property Rights and Human Well-Being: A Cross-National Study." *Cato Journal* 18(2): 233-245.



- Olson, Mancur (1996). "Distinguished Lecture on Economics in Government: Big Bills Left on the Sidewalk: Why some Nations are Rich, and Others Poor." *The Journal of Economic Perspectives* 10(2): 3-24.
- Pearce, Justin (2015), *Political Identity and Conflict in Central Angola, 1975-2002*. New York: Cambridge University Press.
- Peters, Guy B. (2005) *Institutional Theory in Political Science*. London: Continuum.
- Polity IV (2016). "Polity IV Project, Political Regime Characteristics and Transitions, 1800-2015." *Center for Systematic Peace*. Henta 15.04 frå <http://www.systemicpeace.org/inscrdata.html>
- Ragin, Charles (1987). *The Comparative Method. Moving Beyond Qualitative and Quantitative Strategies*. Berkeley: University of California Press.
- Ravallion, Martin (2001). "Growth, Inequality and Poverty: Looking Beyond Averages." *World Development* 29(11): 1803-1815.
- Ravallion, Martin (2005). "A poverty-inequality trade off?." *Journal of Economic Inequality* 3: 198-181.
- Rodrik, Dani (2008). "Second-Best Institutions." *American Economic Review. Papers & Proceedings* 98(2): 100-104.
- Romer, Paul M. (1994). "The Origins of Endogenous Growth." *The Journal of Economic Perspectives* 8(1): 3-22.
- Ross, Michael L. (1999). "The Political Economy of The Resource Curse." *World Politics* 51(2): 297-322.
- Ross, Michael L. (2001). "Does Oil Hinder Democracy?" *World Politics* 53(3): 326-61.
- Ross, Michael L. (2012). *The Oil Curse: How Petroleum Wealth Shapes the Development of Nations*. Princeton: Princeton University Press.
- Rothstein, Bo & Jan Teorell (2008). "What Is Quality of Government? A Theory of Impartial Government Institutions." *Governance: An International Journal of Policy, Administration, and Institutions* 21(2):165-190.
- Sachs, Jeffery D. (2005). *The End of Poverty. Economic Possibilities for our time*. New York: The Penguin Press.
- Sachs, Jeffery D. (2007). "How to Handle the Macroeconomics of Oil Wealth." i Macartan Humphreys, Jefferey Sachs & Joseph E. Stiglitz, eds. *Escaping the Resource Curse*. New York: Colombia University Press, ss. 173-193.
- Sachs, Jefferey D. & Andrew M. Warner (1995). "Natural resource abundance and economic growth." *NEBR Working Paper Series*. No. 5398.
- Sen, Amartya (1998). "Mortality as an Indicator of Economic Success and Failure." *The Economic Journal* 108(446): 1-25.
- Sen, Amartya (1999). *Development as Freedom*. New York: Alfred A. Knopf.
- Solow, Robert M. (1956). "A Contribution to the Theory of Economic Growth." *The Quarterly Journal of Economics* 70(1): 65-94.
- Srinivasan, T.N. (2008). " Globalization and Poverty." i Elias Dinopoulos, Pravin Krishna, Arvind Panagariya & Kar-yiu Wong, red. *Trade, Globalization and Poverty*. New York: Routledge, ss. 9-33.

- Stevens, Paul (2012). "Saudi Aramco: the jewel in the crown." i David G. Victor, David R.Hults & Mark Thurber, red. *Oil and Governance. State-owned Enterprises and the World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press, ss. 173-233.
- St.meld.nr. 28 (2010-2011). *En Næring for framtida – om petroleumsvirksomheten*. Olje og energidepartementet.
- St.meld.nr 29 (2000-2001). *Retningslinjer for den økonomiske politikken*. Finansdepartementet.
- Stiglitz, Joseph E. (2007). "What Is the Role of The State?" i Macartan Humphreys, Jefferey Sachs & Joseph E. Stiglitz, red. *Escaping the Resource Curse*. New York: Colombia University Press, ss. 23-53.
- Thurber Mark C., David R. Hults & Patrick R.P. Heller (2011). "Exporting the 'Norwegian Model': The Effect of administrative design on oil sector performance," *Energy Policy* 39(9): 5366-5378.
- Thurber, Mark C. & Benedicte Tangen Istad (2010). "Norway's Evolving Champion: Statoil and the Politics of State Enterprise." Program on Energy and Sustainable Development Working Paper 92, Mai. Henta 28.04.16 frå [https://pesd.fsi.stanford.edu/sites/default/files/WP\\_92,\\_Thurber\\_and\\_Istad,\\_Statoil,\\_21May2010.pdf](https://pesd.fsi.stanford.edu/sites/default/files/WP_92,_Thurber_and_Istad,_Statoil,_21May2010.pdf)
- Thurber, Mark C., Ifeyinwa M. Emelife & Patrick R.P. Heller (2012). "NNPC and Nigeria's oil patronage ecosystem." i David G. Victor, David R.Hults & Mark Thurber, red. *Oil and Governance. State-owned Enterprises and the World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press, ss.701-752.
- Tilak, Jandhyala B. G. (2002). "Education and Poverty." *Journal of Human Development* 3(2): 191-207.
- Torvik, Ragnar (2009). "Why do some resource-abundant countries succeed while others do not?" *Oxford Review of Economic Policy* 25(2):251-256.
- Tsui, Kevin K. (2011). "More Oil, Less Democracy: Evidence From Worldwide Crude Oil Discoveries." *The Economic Journal*. 121(3): 89-115.
- UNICEF (2000). *Poverty Reduction Begins with Children*. New York: UNICEF.
- United Nations Development Program (UNDP) (1997). *Human Development Report 1997. Human Development to Eradicate Poverty*. New York: Oxford University Press.
- United Nations Inter-agency Group for Child Mortality Estimation (UN IGME) (2015). *Levels & Trends in Child Mortality*. New York: United Nations Children's Fund.
- Varshney, Ashutosh (1999). "Democracy & Poverty." Paper presented at Conference on 2000 World Development Report, UK Department for International Development & Sussex Institute of Development Studies, Caste Donnington, England, August 15-16.
- Victor, David G., David R.Hults & Mark Thurber, red. (2012) *Oil and Governance. State Owned Enterprises and The World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press.
- Victor, Nadejda & Inna Sayfer (2012). "Gazprom: the struggle for power." i David G. Victor, David R.Hults & Mark Thurber, red. *Oil and Governance. State-owned Enterprises and the World Energy Supply*. New York: Cambridge University Press, ss. 655-700.
- Wade, Robert Hunter (2004). "Is Globalization Reducing Poverty and Inequality?" *World Development* 32(4): 567-589.



- WDI (2016). "World Development Indicators." *The World Bank Group*. Henta 15.03. 16 frå <http://databank.worldbank.org/data/reports.aspx?source=world-development-indicators>
- Weiss, Linda (1998). *The Myth of the powerless state*. Cambridge: Polity Press.
- WGI (2015). "The Worldwide Governance Indicators (WGI) project." *The World Bank Group*. Henta 15.04.16 frå <http://info.worldbank.org/governance/wgi/index.aspx#home>
- WHO (2010a). *The World Health Report. Health System Financing. The path to universal coverage*. Genève: World Health Organization.
- WHO (2010b). *World Health Statistics*. Genève: World Health Organization.
- WHO (2016a). "Health expenditure per capita, by country, 1995-2013." *World Health Organization*. Henta 15.04. 16 frå <http://apps.who.int/gho/data/node.main.HEALTHEXPCAPBYCOUNTRY?lang=en>
- WHO (2016b). "Under-five mortality." Henta 21.05.16 frå [http://www.who.int/gho/child\\_health/mortality/mortality\\_under\\_five\\_text/en/](http://www.who.int/gho/child_health/mortality/mortality_under_five_text/en/)
- Willis, Kate (2005). *Theories and Practices of Development*. New York: Routledge.
- Woods, Ngaire (2011). "International political economy in an age of globalization." i John Baylis, Steve Smith & Patricia Owens, red. *The Globalization of World Politics: An introduction to international relations*. New York: Oxford University Press, ss.248-261.



## Appendiks A













### Saudi Arabia



### Venezuela



## Appendiks B

Offentlege helseutgifter per capita										
	ALG	ANG	BRA	MAL	MEX	NIG	NOR	RUS	SAU	VEN
1995	38	14	136	67	75	9	2273	84	118	61
1996	39	9	142	74	76	11,1	2415	105	135	45
1997	41	13	153	69	100	13,4	2460	137	152	52
1998	40	7	143	52	109	16,1	2602	79	147	57
1999	37	10	103	58	133	4,7	2756	48	230	86
2000	44	11	107	68	153	5,8	2611	57	285	113
2001	51	17	96	77	167	5,7	2791	70	285	120
2002	50	14	91	81	174	4,6	3467	84	267	81
2003	58	19	95	105	176	8,6	4145	98	272	72
2004	65	30	121	104	199	14,7	4556	127	278	99
2005	69	35	164	94	215	15,5	4980	171	330	128
2006	79	74	206	124	233	20,1	5258	232	392	161
2007	104	76	254	142	256	26,8	6183	313	402	221
2008	147	125	319	164	281	32,5	6951	393	372	268
2009	138	106	330	170	253	23,2	6459	350	446	288
2010	144	87	465	200	296	21	6951	391	438	244
2011	191	111	547	215	306	28,9	7855	480	602	178
2012	234	118	512	231	320	28,2	7919	467	714	200
2013	233	178	523	232	344	26,2	8303	460	519	141

Dødlegheit blant barn under fem år										
	ALG	ANG	BRA	MAL	MEX	NIG	NOR	RUS	SAU	VEN
1995	42,5	224,8	46,3	13,3	35	207,8	5,7	26,4	29,7	26,3
1996	41,8	224	43,2	12,9	33	205,1	5,4	26	27,8	25,5
1997	41,1	222,6	40,2	12,4	31	201,4	5,2	25,6	26,3	24,5
1998	40,6	220,8	37,2	11,8	29,1	197	5,1	25	25	23,5
1999	40,2	218,9	34,5	11	27,3	192	5	24,2	23,8	27,7
2000	39,7	216,7	32	10,2	25,6	186,8	4,9	23,2	22,9	21,7
2001	38,9	214,1	29,6	9,4	24,1	181,3	4,7	22	22	21
2002	37,8	211,7	27,4	8,9	22,6	175,6	4,5	20,7	21,3	20,4
2003	36,5	209,2	25,4	8,5	21,4	169,9	4,4	19,3	20,7	19,8
2004	35,1	206,7	23,6	8,3	20,4	164,1	4,2	18	20,1	19,2
2005	33,6	203,9	21,9	8,2	19,5	158,1	4	16,7	19,7	18,5
2006	32,1	200,5	20,4	8,1	18,9	152,2	3,9	15,5	18,7	17,9
2007	30,7	196,4	19,2	8	18,4	146,4	3,7	14,4	18,1	17,4
2008	29,4	192	18,1	8	17,9	140,9	3,5	13,5	17,6	17,1
2009	28,3	187,3	17,2	8	17,4	135,5	3,4	12,7	17	16,8
2010	27,3	182,5	16,6	8	16,8	130,3	3,2	12	16,5	16,5
2011	26,6	177,3	16,2	7,9	16	125,5	3,1	11,4	16	16,4
2012	26,1	172,2	16	7,7	15,3	120,9	3	10,8	15,5	16,1
2013	25,8	167,1	16	7,5	14,5	116,6	2,8	10,4	15	15,7

